

Årsrapport 2015 for

Foreldreutvalet for barnehagar og Foreldreutvalet for grunnsopplæringa

Forord

Årsrapporten for 2015 for Foreldreutvalet for barnehagar og Foreldreutvalet for grunnopplæringa følgjer føringane i tildelingsbrevet for 2015. Årsrapporten skal gi Kunnskapsdepartementet eit realistisk bilete av arbeidet til utvala og måloppnåinga i året som har gått.

I kapittel I gir kontorsjef Gro Hexeberg Dahl overordna vurderingar av resultatata til og utfordringane framover for begge utvala.

Kapittel II inneheld ei beskriving av verksemda og hovudtala.

Kapittel III er hovuddelen i årsrapporten og den mest omfattande delen. Her beskriv vi aktivitetane i år og resultatata for begge utvala og sekretariatet. Her ligg òg utgreiinga for ressursbruken til FUB og FUG i 2015.

Kapittel IV beskriv styring og kontroll av verksemda.

Kapittel V skisserer framtidsutsiktene.

Kapittel VI presenterer årsrekneskapen.

Innhald

| | |
|---|----|
| Forord..... | 2 |
| Kapittel I Melding frå leiaren | 5 |
| Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal..... | 6 |
| Verksemda til FUB | 6 |
| Medlemmer i FUB i perioden 2015–2018 | 6 |
| Verksemda til FUG | 6 |
| Medlemmer i FUG i perioden 2012–2015..... | 6 |
| Medlemmer i arbeidsutvalet til FUG i 2015 | 7 |
| Sekretariatet, tilsette, årsverk og lokalisering..... | 7 |
| Nøkkeltal frå rekneskapen | 7 |
| Kapittel III Aktivitetar og resultat i år | 8 |
| Verksemda til FUB i 2015 | 8 |
| Vurdering av måloppnåinga til FUB og arbeid med dei faste oppgåvene..... | 8 |
| Verksemda til FUG i 2015 | 19 |
| Vurdering av måloppnåinga til FUG med dei faste oppgåvene..... | 19 |
| Resultatmål for sekretariatet for FUB og FUG | 31 |
| Vurdering av måloppnåing og arbeid med faste oppgåver som er gitt sekretariatet for 2015..... | 31 |
| Bruken av dei tildelte midlane på kapittel 221 | 34 |
| Kontoplanen til FUB og FUG..... | 34 |
| Kommentarar til rekneskapen, kapittel 221 | 34 |
| Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda | 36 |
| Vesentlege forhold ved styring og kontroll | 36 |
| Risikovurdering..... | 36 |
| Økonomiinstruksen til verksemda | 36 |
| Etiske retningslinjer for verksemda..... | 36 |
| Fellesføringar..... | 36 |
| Tidstjuvar | 36 |
| Lærlingar..... | 37 |
| Tryggleik og beredskap..... | 37 |
| Andre krav til årsrapporten | 37 |

| | |
|---|----|
| Informasjonsstrategi og gjennomføring av informasjonsoppgåver | 37 |
| Likestilling | 37 |
| Helse, miljø og sikkerheit | 37 |
| Kapittel V Vurdering av framtidsutsikter..... | 39 |
| Kapittel VI Årsrekneskap | 40 |
| Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2015..... | 40 |
| Formål..... | 40 |
| Stadfesting..... | 40 |
| Vurderingar av vesentlege forhold..... | 40 |
| Tilleggsopplysningar | 40 |
| Prinsippnote årsrekneskapen..... | 41 |
| Løyvingsrapporteringa..... | 41 |
| Artskontorapporteringa | 41 |

Kapittel I Melding frå leiaren

Gode barnehagar og skular er avgjerande for at barn og unge skal ha ein god oppvekst og bli rusta til å ta på seg oppgåver i yrkeslivet og fritida. Gode barnehagar og skular er òg ein føresetnad for livskvaliteten til familiane. Begge foreldreutvala skal arbeide for godt samarbeid mellom foreldra, barnehagen og skulen. Vi er opptekne av barnet og kva tilbod og høve til utvikling barnet har i kvardagen. Alle barn skal oppleve utvikling og læring. Utvala skal bidra til å styrkje kvaliteten i norsk utdanningssektor gjennom å fremje ein open og trygg dialog mellom barnehagen/skulen og heimane. Dette er viktige og ambisiøse mål. Men det er komplekse forhold som bidreg til at ein når desse måla, og det er ikkje openbert at det er innsatsen vår som gir resultat. Vi må spørje oss sjølve om tiltaka våre er rette. Har vi gjennomført oppgåvene på ein god måte? Bidreg vi til å nå desse ambisiøse og sentrale måla?

Undersøkingar viser at eit nært og tillitsfullt samarbeid fremjar trivselen og læringa til barna. Men utvala erfarer at det er stor variasjon i korleis foreldra opplever samarbeidet med barnehagen og skulen.

2015 har vore eit spennande år med mange oppgåver. Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) har delteke på mange arenaer. Utvala opplever at vi gjennom dette året har vore ei tydeleg foreldrestemme, og at vi har gjort FUB og FUG synlegare. Det er nødvendig for at foreldra skal bruke oss og utvikle samarbeidet med *sin* barnehage og *sin* skule. Den årlege foreldrekonferansen var i 2015 ein felles konferanse for FUB og FUG og samla over 200 deltakarar som fekk ny inspirasjon i arbeidet sitt. Tittelen på konferansen var «Gode relasjonar».

FUB har hatt det første utvalsåret sitt. Utvalet har vist stort engasjement for hjertesakene sine: kvalitet i barnehagen, mobbing og overgangar (det vil seie tilvenjing, avdelingsbyte og overgang til skulen).

FUG har gjennomført det siste utvalsåret sitt. Utvalet har retta mykje merksemd mot tillitsvalde foreldre for at dei skal vere betre rusta til å delta i eit godt heim–skule-samarbeid lokalt. Målet er at aktive foreldre skal bidra til betre læringsmiljø og betre læringsresultat på skulane sine.

Gro Hexeberg Dahl

Gro Hexeberg Dahl
kontorsjef
Foreldreutvalet for barnehagar og
Foreldreutvalet for grunnopplæringa

Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal

FUB og FUG skal verne om foreldra sine interesser i samband med barnehage og skule og arbeide for eit godt samarbeid til beste for alle barn og unge. Foreldreutvala er underlagde Kunnskapsdepartementet.

Utvala skal gi råd til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet, og dei skal gi råd og rettleiing til foreldre og tilsette i barnehagar og skular. Utvalet skal samarbeide med aktuelle aktørar på barnehage- og skulefeltet.

Viktige samanhengar i resultatkjeda til utvala.

| Innsatsfaktorar | Aktivitetar | Produkt/tenester | Brukareffektar | Samfunnseffektar |
|--|---|--|---|---|
| 9.6 årsverk 14 622 000 i samla tildeling | Halde ved like og utvikle kunnskap om samarbeidet mellom heimen og barnehagen/skulen Gjere kunnskapen tilgjengeleg | Høyringsfråsegner Foredrag Rådgiving Kurs og konferansar Heimesider og publikasjonar | KD og Udir har kunnskap om synspunkta til foreldra Foreldre og tilsette i barnehage/skule har kunnskap om samarbeid og kor viktig det er med samarbeid Sentrale aktørar har kunnskap om kor viktig det er å samarbeide med foreldra | Bidra til betre samarbeid mellom foreldra og barnehagen/skulen Bidra til betre barnehagar og skular Bidra til å gjere barn og unge tryggare og auke trivselen og læringa blant barn og unge Bidra til å jamne ut sosiale forskjellar |

Verksemda til FUB

Medlemmer i FUB i perioden 2015–2018

Marie Skinstad-Jansen, leiar
Espen Agøy Hegge, nestleiar
Hege Tegler, medlem
Miriam Paulsen, medlem
Honoratte Muhanzi Kashale, medlem
Yngvar Natland, medlem
Audun Fiskum, varamedlem

Det har vore fem utvalsmøte i perioden.

Verksemda til FUG

Medlemmer i FUG i perioden 2012–2015

Elisabeth Strengen Gundersen, leiar
Christian Hellevang, nestleiar

Ubah A. Aden, medlem
Laila Aleksandersen Nutti, medlem
Synøve Buan, medlem
Tom Wennemo, medlem
Helge Woie, medlem

Medlemmer i arbeidsutvalet til FUG i 2015

Elisabeth Strengen Gundersen, leiar
Christian Hellevang, nestleiar
Synøve Buan, varamedlem

I 2015 har det vore seks FUG-møte og sju møte i arbeidsutvalet.

Sekretariatet, tilsette, årsverk og lokalisering

Det er ti tilsette fordelt på 9,6 årsverk.

Tilsette i sekretariatet:

Torill Braaten, seniorrådgivar
Gro Hexeberg Dahl, kontorsjef
Kjersti Falck, førstekonsulent (60 prosent)
Anne Føskerud, seniorkonsulent
Åse-Berit Hoffart, seniorrådgivar
Randi Jørgensen, seniorrådgivar fram til 31.08.2015
Gøril B. Lyngstad, seniorrådgivar frå 01.08.2015
Joachim Majambere, seniorrådgivar
Anne D. Nilsen, seniorrådgivar
Lou Norreen, seniorrådgivar
Turid Reiche, seniorkonsulent

Sekretariatet ligg i Oslo og er samlokalisert med Utdanningsdirektoratet.

Nøkkeltal frå rekneskapen

| | |
|----------------------------|------------|
| Samla tildeling | 14 622 000 |
| Utnyttingsgrad | 91 prosent |
| Driftsutgifter | 13 430 074 |
| Lønnsdel av driftsutgifter | 57 prosent |
| Lønnsutgifter per årsverk | 765 654 |

Kapittel III Aktivitetar og resultat i år

Kapittel III beskriv kjernen i den faglege rapporteringa til foreldreutvala. Her blir det gjort greie for korleis føringane i prop. 1 S for 2015 og tildelingsbrevet er følgde opp.

Verksemda til FUB i 2015

Vurdering av måloppnåinga til FUB og arbeid med dei faste oppgåvene

Målet for FUB er beskrive i tildelingsbrevet for budsjettåret 2015:

FUB skal arbeide for et godt samarbeid mellom barnehage og hjem og ivareta foreldrenes interesser i barnehagesammenheng. Samarbeidet mellom barnehage og hjem skal bidra til at alle barn i barnehage får et best mulig tilbud. Et godt samarbeid kan bidra til å utjevne sosiale forskjeller og bidra til en god overgang fra barnehage til skole.

1. FUB skal vere høyringsinstans og rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeidet mellom barnehage og heim.

Tiltak 1.1: FUB har gitt høyringsfråsegner i relevante saker frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Det er ein vesentleg del av arbeidet til FUB å behandle og gi høyringssvar.

I 2015 har FUB behandla og gitt svar til følgjande høyringar:

- Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar
- Regulering av gratis kjernetid til fire- og femåringer i familiar med låg inntekt i forskrift om foreldrebetaling i barnehage
- Forskrift om politiattest i barnehagar
- Open høyring om kompetanseløft i barnehagen
- NOU 2015:2 *Å høre til*
- Samarbeid mellom helse og omsorgstenesta og utdanningssektoren om barn og unge med habiliteringsbehov
- Finansiering av private barnehagar
- Stortingsmelding om likestilling innanfor oppvekst og utdanning
- Statsbudsjett 2016
- Forslag til endringar i rammeplanane for barnehagelærerutdanning, lektorutdanning, faglærerutdanning, yrkesfaglærerutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag
- Alvorlege hendingar i barnehagar og utdanningsinstitusjonar

FUB meiner at det er grunnleggjande viktig å synleggjere standpunkt gjennom offentlege høyringar for å kunne gjere stemma si kjend og påverke dei politiske avgjerdene der det er mogleg. I tillegg er FUB opptekne av at barnehageforeldre, barnehagetilsette og andre relevante aktørar blir gjorde kjende med meiningane og ståstaden til FUB. FUB opplever at høyringsarbeid gjer utvalet bevisst og styrkjer meiningsgrunnlaget som nasjonal foreldrestemme.

FUB vurderer graden av måloppnåing som god.

Tiltak1.2: FUB har gitt informasjon og råd til departementet og den politiske leiinga om aktuelle tema utanom høyringane.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har gjennom dei halvårlege møta med den politiske leiinga og embetsverket i Kunnskapsdepartementet fått godt høve til å formidle hjartesakene sine, drøfte aktuelle tema og diskutere relevante barnehagesaker. FUB opplever at utvalet på denne måten blir høyrte og får drøfta saker som utvalet ønskjer å setje søkjelyset på. FUB har òg orientert departementet om kva foreldre og tilsette spør om og er opptekne av. Eit døme på tema som har vore tekne opp, er dokumentasjon av enkeltbarn i barnehagen og kven som skal velje dokumentasjonsverktøy i barnehagane. FUB opplevde å bli lytta aktivt til, sjølv om meiningane til utvalet og standpunkta til departementet rundt dei nemnde temaa var forskjellige.

FUB vurderer graden av måloppnåing som god.

Tiltak 1.3: FUB har delteke på kontaktmøte med KD og Utdanningsdirektoratet.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har delteke på avtalte og planlagde kontaktmøte med både KD og Utdanningsdirektoratet i 2015. Det har vore avvikla regelmessige kontaktmøte mellom sekretariatsleiaren og embetsverket. Disse har vore avklarande og givande med tanke på barnehagepolitiske saker og utviklingsarbeid innanfor sektoren.

Det blei avvikla eit kontaktmøte mellom leiargruppa i Udir og leiaren, nestleiaren og sekretariatet i FUB hausten 2015. Dette var det første møtet mellom Udir-leiinga og det nye FUB. Møtet gav rom for å bli betre kjende med kvarandre sine innsatsområde og saker av felles interesse, og det gav avklaring på område der Udir og FUB har kryssande interesser. Eit døme på dette er Udir-prosjektet «Kvalitet i barnehagen», der FUB sit i referansegruppa.

FUB vurderer graden av måloppnåing som god.

Tiltak 1.4: FUB har delteke i referansegrupper i regi av KD og Utdanningsdirektoratet.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har i 2015 delteke i referansegruppa til prosjektet Kvalitet i barnehagen (KiB) og i arbeidsgruppa til Manifest mot mobbing i regi av Utdanningsdirektoratet. Ved å delta i referansegruppa har FUB fått sjansen til å påverke innhaldet i og utforminga av spørsmål til foreldreundersøkinga, påverke innhaldet av data på nettportalen Barnehagefakta, komme med synspunkt til arbeidet med Kvalitetsverktøyet og bli haldne løpande orienterte om, med høve til å komme med innspel til kvalitetssystemarbeidet til prosjektet. Gjennom arbeidet i partnerskapet i Manifest mot mobbing har FUB fått ei aktiv og medverkande rolle i prosessarbeidet, og i sjølve gjennomføringa av kampanjeveka, veke 36. FUB opplever at innspela til utvalet blir lytta til og brukte i arbeidet.

FUB vurderer graden av måloppnåing som god.

Tiltak 1.5: FUB har hatt kontakt med og delteke i høyringar i komitear på Stortinget.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB er opptekne av å vere ein aktiv og deltakande høyringsinstans også opp mot komiteane i Stortinget. FUB har delteke på følgjande i regi av Stortinget/stortingskomitear:

- 24.03.: Barnehageseminar i regi av familie- og kulturkomiteen
- 30.09.: Høyring om 50 prosent barnehagelærarkompetanse i barnehagen og om å fjerne tilgangen til varig dispensasjon for pedagogiske leiarar
- 19.10.: Høyring om statsbudsjettet for 2016

FUB har dessverre ikkje klart å få til noko møte mellom utvalet og medlemmene i familie- og kulturkomiteen i 2015.

FUB vurderer likevel graden av måloppnåing som god.

Tiltak 1.6: FUB har delteke på aktuelle seminar i regi av KD og Utdanningsdirektoratet.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har delteke på alle seminar i regi av Kunnskapsdepartementet:

- Innspelsmøtet om likestillingsspørsmål 6.1.
Etter innspelsmøtet skreiv FUB ei høyring saman med FUG som blei send til departementet.
- Fagseminar om læring i barnehagen 12.02.
- Fagseminar om språk i barnehagen 13.03.
- Fagseminar om ny realfagsstrategi 19.08.
- Fagseminar om den profesjonelle yrkesutøvinga til barnehagelæraren 08.12.

FUB har òg delteke på desse seminara og møta:

- Stortingskomiteens barnehageseminar 24.03.
Her nytta FUB høvet til å gi ein 15 minutts presentasjon av dei viktigaste utfordringane som barnehagesektoren står overfor i dag, og presentere FUB sitt syn på forslaget frå regjeringa om endringar i barnehagelova om tilsyn, dokumentasjon og vurdering.
- Statsministerens toppmøte om mobbing 30.01.
- Helsedirektoratets møte om mobbing 23.04 – FUB gav ein presentasjon om temaet.
- FUB deltok på seminar hos Utdanningsdirektoratet om læringsmiljøet i barnehagen 28.10. og heldt innlegg på direktoratet sine regionale konferansar: Alta 17.11., Drammen 27.11. og Stjørdal 03.12. – og dessutan i Stavanger 28.01.2016.

Deltaking på slike seminar bidreg til fagleg oppdatering på relevante faglege og politiske tema i sektoren. FUB har i tillegg nytta høvet til å uttale seg om enkeltsaker der departementet har opna opp for det.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Konklusjon:

Det har vore mange møtepunkt med KD og Udir i 2015. FUB opplever at vi blir inviterte til å leggje fram og grunngi standpunktene våre. Desse aktivitetane gir KD og Udir innsyn i foreldreperspektivet på utviklinga av barnehagesektoren. FUB meiner at gjennomførte tiltak har bidrege til at barn i barnehage har fått eit betre tilbod.

2. FUB skal gi informasjon og rettleiing til foreldre, dei tilsette i barnehagane og barnehageeigarar om verdien av samarbeid mellom barnehage og heim.

Tiltak 2.1: FUB har gitt informasjon, råd og rettleiing til foreldre, tilsette i barnehagar og barnehageeigarar og barnehagemyndigheit.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Stadig fleire kontaktar FUB, anten via telefon eller e-post, både for å få informasjon, råd og rettleiing. FUB hjelper òg enkeltforeldre ved å vere med som bitsjar i møte med barnehagar og barnehageeigarar.

I 2015 blei FUB kontakta 390 gonger på e-post og telefon med spørsmål om rådgiving/rettleiing, mot 350 gonger i 2014. Fordelinga er slik:

- e-post: 220
- telefon: 170

Dei fem mest etterspurde temaa:

- 1) Foreldremedverknad
- 2) Barnehagedrift
- 3) Problem i samband med trivsel
- 4) Lokale foreldreutval
- 5) Flytting mellom avdelingar og barn med behov for spesialpedagogisk tilbod

Mange foreldre set stor pris på å kunne ta kontakt med ein instans som FUB og få råd/rettleiing. Fleire seier at dei er takksame for at det finst ein slik instans. Dei synest dei får den hjelpa dei treng for å komme vidare i vanskelege og ofte fastlåste situasjonar. FUB arbeider kontinuerleg med å gjere utvalet kjent via media og ved å invitere oss sjølve inn i forskjellige forum, slik at foreldra skal vite at vi finst, og at dei kan kontakte oss. Foredragsverksemda til FUB er i denne samanhengen ein viktig aktivitet, jf. punkt 2.9.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 2.2: FUB har delteke i møte med kommunar og fylkesmenn.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har ikkje sjølv teke initiativ til møte med kommunar og fylkesmenn i 2015, men begge forvaltingsorgana har kontakta utvalet, primært med spørsmål om å halde foredrag. FUB har besøkt 35 kommunar og seks fylkesmenn. FUB strekkjer seg langt for å imøtekomme slike førespurnader. Utvalet vurderer det som svært viktig å vere til stades og få høve til å formidle standpunkta til utvalet i forum som samlar sentrale aktørar og fagfolk på tvers i fylke og kommunar. FUB ser at det er via desse organa at utvalet verkeleg kan få formidla stemma si, og at FUB derfor kan jobbe meir proaktivt med å kontakte kommunar og fylkesmenn.

FUB vurderer måloppnåinga som akseptabel.

Tiltak 2.3: FUB har vidareutvikla informasjon og materiell. Materiellet er lagt ut til nedlasting på nett, og noko har vore sendt ut på førespurnad.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har i 2015 utarbeidd heftet «Barn og brot» i samarbeid med Bufdir. I FUB er vi opptekne av å gjere eit grundig forarbeid før vi legg ut eit hefte eller ein foldar for nedlasting på nett. Det er òg avgjerande at det materiellet FUB utarbeider, er aktuelt og relevant for målgruppene våre. Heftet er lagt ut på nett og kan lastast ned og skrivast ut. Heftet er òg trykt opp og kan sendast ut på førespurnad.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 2.4: FUB har vidareutvikla nettstaden som informasjons- og ressursbank med gode døme for foreldre, tilsette i barnehagar og barnehageeigarar.


Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB arbeider systematisk og kontinuerleg med å gjere heimesida til utvalet meir aktuell og brukarvennleg. Nettstaden er også i 2015 blitt jamleg oppdatert med fagstoff, høyringar og nyheitssaker.

FUB får mange positive tilbakemeldingar frå brukarane om at sida er lett å orientere seg i, og at ho gir mange gode råd. FUB har samtidig eit ønske og ein intensjon om å produsere meir fagstoff og følgjer systematisk med på søkjeåtferda til brukarane og gjer endringar ut frå denne. Hausten 2015 innførte FUB ein spørjeboks som gir svar på om brukarane finn det dei leiter etter. Dette er også blitt systematisk følgt opp. FUB har i 2015 gjennomført eit kurs for nettredaksjonen i søkjemotoroptimalisering (SEO) for å styrkje nettsider i Google-søk. Det jobbar ein vidare med i 2016. Nettredaksjonen har faste redaksjonsmøte der ein ser på brukaråtferd og tilgjengelegheit.

I 2015 auka trafikken i åtte av månadene. FUB har nådd målet i strategien om minst 4000 unike brukarar i snitt kvar månad.

Utviklinga i nett-trafikken til fubhg.no dei siste tre åra:



I snitt har FUB hatt 4139 unike brukarar i månaden i 2015; det er ein auke på 326 frå året før. Trafikken var størst på hausten (august–november), med toppmånadene september (6441) og oktober (5330).

Ei arbeidsgruppe med fire tilsette og to utvalsmedlemmer har vurdert behovet for ny design. Saka blei behandla i FUB-møte i september, med konklusjon om å hente inn pristilbod frå firma på ein enklare og meir tidsriktig design, men utan full brukartest. Ein felles portal med FUG skal drøftast med det nyoppnemnde FUG våren 2016.

Nettstaden er blitt marknadsført gjennom foredrag, på standar, ved profileringsprodukt, i media, på Foreldrekonferansen, i sosiale medium og i anna materiell.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 2.5: FUB har omsett eige materiell til nynorsk, samisk og dei fem mest brukte framandspråka.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Omsetjingar av materiellet til FUB er eit kontinuerleg arbeid som krev tid. Over halvparten av materiellet er omsett til både nynorsk, samisk og dei fem mest brukte framandspråka (arabisk, engelsk, polsk, somali og urdu). Arbeidet med å omsetje materiellet vil halde fram i 2016.

FUB vurderer måloppnåinga som akseptabel.

Tiltak 2.6: FUB har omsett sentrale delar av nettsidene sine til samisk.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Sentrale delar av heimesidene til FUB er omsette til nordsamisk. FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 2.7: FUB har vore aktive på eigen Facebook- og Twitter-konto for å fremje viktige saker.

Vurdering av resultat og måloppnåing

I 2015 har FUB fått 605 nye likarar på Facebook (utan annonsering), og utvalet hadde ved årsskiftet til saman 2466 likarar. På Twitter fekk FUB 200 fleire følgjarar i 2015, og utvalet hadde ved årsskiftet 726 følgjarar. Gjennom begge kanalane har FUB spreidd budskapen vår frå mellom anna høyringssvar, foredrag, forskingsresultat og utarbeidd materiell.

Dei mest likte og delte sakene på Facebook var nettsaka om FUBs munnlege høyringssvar om 50 prosent lovfesta pedagognorm (100 likarklikk), vår eigen «Vennskapsplakat» (98 delingar og 144 likarklikk), filmen som blei laga til barnehagedagen om tøffe turtips (delt 48 gonger og likt av 42), og nettsaka om rapporten «Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen» (11 delingar). FUB erfarer at stoffet som blir delt i sosiale medium, når både foreldre og tilsette i barnehagane, og at dei engasjerer seg og bruker sakene.

FUB er nøgde med innsatsen og vurderer måloppnåinga som svært god.

Tiltak 2.8: FUB har arrangert informasjonsmøte og arbeidsseminar.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB er opptekne av å ha nær kontakt med sektoren og nyttar ofte fagfolk frå barnehageområdet når det skal utarbeidast nytt materiell i regi av FUB. På denne måten opplever FUB å bli realitetsorientert og få fanga opp det som er aktuelt innanfor eit gitt fagområde. FUB har i 2015 hatt eit arbeidsseminar med fagfolk frå sektoren i samband med utarbeidinga av ein foldar om foreldreråd og samarbeidsutval. Foldaren vil bli gitt ut i 2016.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 2.9: FUB har halde foredrag for foreldre, tilsette og barnehagemyndigheiter.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB held regelmessig foredrag for foreldre og tilsette i barnehagar og for kommunar og fylkesmenn. Foredraga til FUB har alltid eit foreldreperspektiv og blir gitt innanfor følgjande tema:

- *Foreldra sin rett til medverknad – om lokale FUB*
- *Det viktige samarbeidet mellom barnehagen og heimen*
- *Mobbing i barnehagen*
- *Dei yngste i barnehagen*

I 2015 har FUB halde til saman 83 foredrag. 54 av dei handla om mobbing i barnehagen, 20 om samarbeidet mellom heimen og barnehagen, fem om lokalt foreldrearbeid, to om FUB og to om dei yngste i barnehagen. 65 prosent ønskjer altså å høyre foredraga om mobbing i barnehagen, noko som fortel FUB at temaet både er aktuelt og relevant for barnehageforeldre og tilsette.

Desse oppdraga er svært viktige for kontakten FUB har med sektoren. Gjennom foredragsverksemda får FUB innblikk i kva spørsmål foreldre og tilsette i barnehagar er opptekne av. I tillegg blir foreldre og tilsette informerte om FUB, og FUB får formidla kor viktig det er med eit godt samarbeid mellom barnehagen og heimen.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 2.10: FUB har halde ein foreldrekonferanse.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har kvart år halde ein større konferanse der målgruppa har vore barnehageforeldre. I 2015 gjennomførte FUB ein slik konferanse i samarbeid med FUG med tittelen «Gode relasjonar». Om lag 200 melde seg på konferansen, litt under halvparten av dei var foreldre til barn i barnehage.

Evalueringa i etterkant av konferansen viste at deltakarane var svært nøgde med arrangementet (score 4,7 av 5). Men FUB vurderer likevel konferansen som både kostnadskrevjande og omfattande sett i forhold til kor mange vi faktisk når med eit slikt arrangement. For å nå fleire i målgruppa og for å få større geografisk spreing planlegg FUB fleire regionale konferansar i 2016.

Sett i forhold til tiltaket vurderer FUB måloppnåinga som god.

Tiltak 2.11: FUB har bidrege til at foreldre, uavhengig av bakgrunn, engasjerer seg i samarbeidet mellom heim og barnehage.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUBs mandat inneber at vi skal nå alle foreldre, uavhengig av sosial, etnisk og økonomisk bakgrunn. Ei slik måloppnåing er vanskeleg å måle, men FUB erfarer at fleire av dei som tek kontakt med FUB, har ein annan språkleg og etnisk bakgrunn enn norsk. Det er svært gledeleg. Erfaringane frå dei første åra FUB var i drift, var at det primært var etnisk norske foreldre som kontakta oss. Materiellet FUB utarbeider, blir omsett både til samisk og dei fem mest brukte framandspråka i Noreg, i tillegg til at det blir gitt ut på bokmål og nynorsk. Alle foredraga til FUB fokuserer dessutan på kor viktig det er med mangfald, og på at barnehagen må klare å famne *alle* barn og foreldre.

FUB vurderer måloppnåinga som god, men ser at det er utviklingspotensial. Til dømes kan ein rette meir merksemd mot barn og foreldre som har ein annan sosiokulturell bakgrunn enn gjennomsnittsbukaren i norske barnehagar.

Tiltak 2.12: FUB har vore ei aktiv stemme i barnehagedebatten ved å fremje synet til FUB og løfte fram foreldreperspektivet i det offentlege rommet.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har fremja synet sitt i viktige saker som har prega barnehagedebatten i 2015 både gjennom media, sosiale medium og på nettsida.

I tråd med utvalet sine strategiar for kommunikasjon i desse kanalane har vi jobba proaktivt med

å få fram utvalet sitt syn i saker som til dømes lovfesta pedagognorm, bemanningsnorm, kompetanseheving og mobbing i barnehagen.

FUB har i 2015 handtert 40 mediesaker, og elleve av dei har vore proaktive utspel. FUB-leiaren har vore intervjuet i riksmedium som Dagsrevyen, TV 2-nyheitene, TV 2 Nyhetskanalen, Dagsnytt, VG og TV 2 God Morgen-studio i løpet av året.

FUB har vore med på tre større mediehandlingar saman med andre i 2015:

- Barnehagedagen, med fokus på friluft
- Lansering av brosjyre om småbarn og skjermbruk
- Rapporten «Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen»

Nettsakene til FUB og mediesaker blir òg delte i sosiale medium.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 2.13: FUB har gjennomført egne foreldre-/spørjeundersøkingar i 2015.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har ikkje gjennomført egne foreldre-/spørjeundersøkingar i 2015. Det blei planlagt ved starten av året, men i løpet av året var det ikkje noko tema som eigna seg for ei spørjeundersøking, derfor blei det heller ikkje gjennomført.

Konklusjon:

FUB opplever å ha nådd breitt ut til barnehageforeldre, -tilsette og -eigarar. Vi har hatt stor variasjon i tema og saker og har formidla desse på ulike måtar og gjennom ulike kanalar. Vi meiner at aktiviteten vår er til hjelp og støtte for mange foreldre og tilsette. Vi erfarer at dei får eit betre samarbeid, noko som bidreg til at barn får eit godt barnehagetilbod, og at det jamnar ut sosiale forskjellar og gjer overgangen frå barnehage til skule betre.

3. FUB skal samarbeide med aktuelle aktørar i saker der det er viktig at foreldreperspektivet er representert.

Tiltak 3.1: FUB har etablert og vidareutvikla samarbeidet med relevante aktørar for å fremje foreldrestemma.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har i dei fem åra utvalet har vore i drift, opparbeidd seg eit stort og viktig nettverk av samarbeidspartar. Nokre av desse aktørane har FUB jamleg kontakt med, til dømes Barneombodet, PBL og Utdanningsforbundet. Andre aktørar samarbeider FUB meir sporadisk med, og atter andre berre i aktuelle saker, til dømes Lesesenteret i samband med arrangement rundt den nasjonale barnehagedagen, og Framandspråksenteret om ein brosjyre for tilsette og foreldre. På bakgrunn av FUB sitt mål om at alle barn i barnehage skal ha eit best mogleg tilbod, opplever vi at dette er eit nødvendig og meiningsfullt samarbeid. Mange aktuelle samarbeidsaktørar tek òg kontakt med FUB i samband med enkeltsaker, høyringsarbeid, arbeidsgrupper og referansegrupper. FUB opplever at foreldrestemma er ønskt og viktig for mange.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 3.2: FUB har samarbeidd om prosjekt og satsingar med andre aktørar med felles innsatsområde.

Vurdering av resultat og måloppnåing

I 2015 har FUB samarbeidd med fleire aktørar rundt felles satsingsområde. Dei største og viktigaste er samarbeidet om prosjektet «Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen» med Kristiansand kommune, Universitetet i Agder og Sørlandet sykehus, og arbeidet med heftet «Barn og brot» med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Desse prosjekta har ført til større djupneforståing og ny kunnskap innanfor dei gitte fagområda. Dette er innsikt som FUB nyttar i foredraga, høyringsarbeida og samarbeidet med andre instansar.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 3.3: FUB har teke initiativ til og delteke i relevante arbeids- og referansegrupper.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har ikkje sjølv teke initiativ til eigne arbeids- eller referansegrupper, men har delteke i fleire arbeids- og referansegrupper på tvers av sektoren:

- Referansegruppe for Kvalitet i barnehagen (KiB) i regi av Udir
- Arbeidsgruppe for Manifest mot mobbing i regi av Udir
- Arbeidsgruppe for URLU i regi av Udir
- Referansegruppe i samband med forskingsarbeidet «Gode barnehager» og «Blikk for barn»
- Arbeidsgruppe for den nasjonale barnehagedagen i samarbeid med Utdanningsforbundet og Fagforbundet

FUB vurderer det som lærerikt og nyttig å delta i desse gruppene. Det er ein fin måte å halde seg orientert og ta del i utviklingsarbeidet som skjer innanfor sektoren, på.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 3.4: FUB har arrangert seminar om felles tema.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har arrangert to seminar om felles tema, begge med tilknytning til prosjektet «Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen». 12. mars stod FUB medansvarleg for planlegginga og gjennomføringa av eit forskingsseminar om mobbing i barnehagen med utgangspunkt i forskingsarbeidet frå Kristiansand. På seminaret la forskarane i prosjektet fram dei førebelse resultatane. Alle dei om lag 100 plassane for deltakarar frå sektoren, inkludert tilsette frå KD, var fylte opp.

11. desember hadde FUB ansvaret for ei markering i samband med sluttrapporten for det same prosjektet. Her deltok alle som hadde vore med i prosjektet (forskarar, prosjektleiar, arbeidsgruppa og utvalet og sekretariatet til FUG og FUB), i tillegg til inviterte gjester frå KD, Utdanningsdirektoratet, PBL og KS, til saman i underkant av 30 personar.

Prosjektarbeidet med aktørane i Kristiansand har gitt FUB djupnekunnskap innanfor temaet mobbing i barnehagen, som er ei av hjertesakene til utvalet. Prosjektet har òg gitt kunnskap om verktøy som ein kan bruke til å førebyggje mobbing på lengre sikt. Dette er kunnskap og

kompetanse som er av stor verdi for FUB, for FUB held mange foredrag om det same temaet og gir råd til foreldre og barnehagetilsette som kontaktar FUB om dette.

FUB vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 3.5: FUB har utvikla eit samarbeid med aktuelle aktørar i Norden i 2015.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Dette tiltaket er ikkje gjennomført. Arbeidet er i startfasen og vil halde fram i 2016.

Ettersom tiltaket ikkje er gjennomført, er ikkje målet nådd.

Tiltak 3.6: FUB har samarbeidd med FUG om prosjektet «Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen».

Vurdering av resultat og måloppnåing

Prosjektet starta som eit samarbeid mellom FUB og FUG. Planen var å følgje barnehagebarn gjennom overgangen til skulen. I prosjektperioden viste det seg at det blei eit for stort prosjekt. Arbeidet blei derfor konsentrert om barnehagen.

Prosjektet avdekkjer fleire faktorar som er viktige når det gjeld å oppdage, førebyggje og hindre mobbing i barnehagen.

Rapporten har tre delprosjekt:

- Kvalitativ undersøking: intervju av femåringar enkeltvis og i grupper
- Kvantitativ undersøking: spørjeskjema til foreldre og tilsette – 6 barnehagar, 81 tilsette, 143 føresette
- Etnografisk undersøking på 0–3-årsavdelingar: Korleis dei vaksne kan førebyggje mobbing før språket og kognitive evner gjer det mogleg å bruke mobbeprogram

I rapporten stadfestar både barn, foreldre og tilsette at mobbing skjer i barnehagen. Det å skaffe seg venner og å høyre til er ein føresetnad for at barn skal trivast, leike og lære i barnehagen. Undersøkinga viser at femåringane er opptekne av mobbing og erting og beskriv det å bli halden utanfor i leik som ei vond kjensle og som det dei fryktar mest. Rapporten viser vidare at minst eitt til to barn systematisk blir utestengde frå leiken i kvar barnehage, og at kvar fjerde vaksne ikkje tek det på alvor. I spørjeundersøkinga definerte 81 prosent mobbing som det å bli utestengd frå leik. 60 prosent meinte det var når offeret sjølv opplever det som mobbing. Andre peiker på faktorar som truslar og bruk av stygge ord. 33 prosent av dei tilsette og 47 prosent av foreldra støttar utsegna om at den som mobbar, har manglande medkjensle. Det er skremmande, for det viser igjen i relasjonen til barnet. Kvar fjerde vaksne bagatelliserer problemet mobbing i barnehagen og har eit negativt syn på dei som mobbar eller blir mobba. Det blir støtta av utsegner som «Eg synest at barnet som blir mobba, har litt skyld sjølv».

Delprosjektet om dei minste barna viser at barn alt frå to–tre-årsalderen har eit repertoar av ressursar til å knyte kontaktar, skape avstand, kople seg på ei leikegruppe eller skilje seg ut. Funn frå rapporten:

- bruk av leiketøy som «inngangsbillett» i leik eller som medium for kommunikasjon
- vaksne som er tilgjengelege for barna på golvet

Rapporten lanserer ein definisjon av mobbing som utvidar forståinga for dei utfordrande sosiale prosessane i barnehagen: Mobbing av barn i barnehagen er handlingar frå vaksne og/eller

andre barn som krenkjer opplevinga barnet har av å høyre til og vere ein viktig person for fellesskapet.

Rapporten viser at vennskap og leik er heilt sentralt for å forstå mobbing, noko som er avgjerande for dei tiltaka som blir sette inn for å førebyggje mobbing i barnehagen. Eit godt samarbeid med foreldra er heilt nødvendig for å få til dette.

Rapporten kan lastast ned frå nettet her:

<http://www.fubhg.no/vaksne-bagatelliserer-mobbing-i-barnehagen.5824556-179541.html>

FUB vurderer at dei nye funna og den nye kunnskapen i prosjektet «Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen» representerer ein ny ståstad når det gjeld mobbing i barnehagen.

Konklusjon

FUB vurderer det slik at det er svært verdifullt med kunnskapen og erfaringane vi får gjennom samarbeid. Kunnskapen er nyttig og viktig og kan bidra til at heim og barnehage samarbeider på andre måtar, og til at det blir arbeidd betre i overgangen frå barnehage til skule.

Verksemda til FUG i 2015

I brev om tildeling for 2015 heiter det om ansvaret og hovudoppgåvene til FUG:

FUG er eit sjølvstendig rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet i saker om samarbeid mellom heim og skule og er forankra i opplæringslova (§ 11-9 Foreldreutvalet for grunnopplæringa) og i forskrift til opplæringslova (§ 20-2 Foreldreutvalet for grunnopplæringa). Mandatet omfattar grunnskulen og det første året i vidaregåande opplæring.

Mål for 2015

FUG skal arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og skule og skal fremje interessene til foreldra i skulesamanheng. Samarbeidet mellom heim og skule skal ha eleven i fokus og bidra til den faglege og sosiale utviklinga til eleven.

FUG vil leggje særleg vekt på

- å medverke til å auke læringsutbyttet til elevane gjennom å arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og skule
- å medverke til å auke kompetansen i heim–skule-samarbeidet for dei tilsette i skulen
- å medverke til å auke kompetansen i heim–skule-samarbeidet for foreldra og få fleire foreldre engasjerte i opplæringa

Vurdering av måloppnåinga til FUG med dei faste oppgåvene

1. FUG skal vere høyringsinstans og rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeidet mellom heim og skule.

Tiltak 1.1: Komme med høyringsfråsegner i relevante skulepolitiske saker.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Å komme med høyringsfråsegner er ein viktig del av FUG si oppgåve som rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Gjennom høyringsfråsegner har FUG

klargjort synet sitt på aktuelle saker og hatt høve til å påverke dei endelege føresegnene i lov, forskrift og læreplan og andre viktige utdanningspolitiske styringsdokument.

I 2015 kom FUG med 24 høyringsfråsegner til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektorat, tre til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, éi til Arbeids- og sosialdepartementet og éi til Finansdepartementet. FUG har òg komme med høyringsfråsegn til Stortingsmelding om likestilling innanfor oppvekst og utdanning og eit innspel til Ludvigsen-utvalet. Gjennom høyringsfråsegnene og innspela blei foreldreperspektivet løfta fram. FUG har kommunisert synet sitt om ulike saker til samarbeidspartnarane sine. Det har ført til at nokre av partnarane har invitert FUG med i oppfølgingsarbeidet knytt til nokre av høyringane, i form av arbeidsgrupper og referansegrupper. Her kan vi nemne samarbeid med Læringsmiljøsentret gjennom Læringsmiljøprosjektet og samarbeid med Vegdirektoratet, Trygg Trafikk, Syklistenes landsforbund og Miljøagentene om oppfølginga av forskriftsendringa om sykling til skulen.

FUG har komme med høyringsfråsegner i mange ulike saker, mellom anna saker som gjeld samarbeidet mellom heim og skule meir indirekte. Det er usikkert i kor stor grad FUG har påverknad i saker som ligg i den ytre grensa for mandatet. FUG vil vurdere å innsnevre tolkinga av mandatet til berre å gjelde saker som direkte har med samarbeidet mellom heim og skule å gjere.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 1.2: Delta i referansegrupper og arbeidsgrupper i regi av skulemyndigheiter.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG har delteke i til saman 20 ulike grupper i 2015. FUG vore medlem av ti referansegrupper og arbeidsgrupper i regi av Utdanningsdirektoratet. I tillegg har FUG delteke i andre grupper i regi av Helsedirektoratet, Bufdir, IMDi, HiOA og NAFO. I møte i dei ulike arenaene har FUG løfta foreldrestemma og argumentert for kor viktige foreldra er for at barna skal trivast og lære. FUG opplevde å bli rekna med og bli teke med på råd som ein viktig bidragsytar. FUG meiner at det er viktig å delta i arbeids- og referansegrupper. Det gir høve til å påverke pågåande prosessar, slik at avgjerder blir tekne med god kjennskap til foreldreperspektivet.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 1.3: Ha regelmessige kontaktmøte med den politiske leiinga og administrasjonen i departementet og direktoratet.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Sekretariatet og utvalet har hatt regelmessige møte med konkrete og aktuelle saker. Utvalet opplever kontakten som god og viktig. FUG håper at Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet òg opplever møta som viktige.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 1.4: Vere ein aktiv bidragsytar på nasjonalt og regionalt plan for å synleggjere kor viktige foreldra er for læringa til barna. Oppmode til forskning på feltet og vere oppdatert på den forskinga som finst.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG har bidrege til å synleggjere foreldrerolla gjennom media, nettsida og Facebook-sida og gjennom høyringar, deltaking i referansegrupper, foredragsverksemd, møte med samarbeidspartnarane og deltaking på lærarstemne. I dette avsnittet ser vi på mediesaker og lærarstemne; dei fem andre områda tek vi opp andre stader i årsmeldinga.

FUG har handtert til saman 93 mediesaker – tolv av dei har vi selt inn sjølve. Dei største mediesakene har handla om lekser, varierende kvalitet på SFO (pris og innhald) og NOU 2:2015 «Å høre til». I samband med framlegget til Djupedal-utvalet blei FUG-leiaren intervju i Dagsnytt, TV 2 Nyhetskanalen, P4 og av NTB.

FUG-leiaren har delteke i Dagsnytt Atten, TV 2 God Morgen, TV 2 Nyhetskanalen, NRK Ukeslutt, Dagsnytt og P2s Nyhetsmorgen. FUG sitt ønske om ei nasjonal evaluering av SFO er blitt følgd opp med tre lengre innslag på NRK Sørlandet, først med utgangspunkt i store prisforskjellar i Agder-fylka, men sidan blei det løfta til nasjonalt nivå, der også kunnskapsministeren uttalte seg. Før toppmøtet om mobbing i mars blei FUG-leiaren intervju i P2s Nyhetsmorgen, og ho blei intervju på NRK Ukeslutt i samband med skuleskytinga i Sverige i oktober.

FUG sende brev til alle skulane i landet adressert til FAU med tittelen «Still spørsmål til politikarane før valet». Brevet var òg utgangspunkt for eit lesarinnlegg som blei trykt i 37 lokal- og regionsaviser og signert av utvalsmedlemmene.

Utvalet og sekretariatet til FUG har delteke på frukostseminar og fagsamlingar for å halde seg oppdaterte på forskning, og dei har lese stortingsmeldingar, NOU-ar og forskingsrapportar. I desember 2015 arrangerte FUG eit halvdags fagseminar med nyare forskning om foreldre i skulen der eksterne partar blei inviterte.

Det er relativt lite forskning på foreldrerolla i skulen. Det har derfor vore eit ønske å bidra til å fremje forskinga på området. Vi kan spørje oss om dette ligg innanfor mandatet til FUG, og FUG har i verksemdsplanen for 2016 valt å ikkje vidareføre denne delen av tiltaket. I tråd med formuleringa for 2015 bestemte FUG seg for å gå inn som «silent partner» i eit forskningssamarbeid med UiT – Noregs arktiske universitet – om forskning på kvifor og korleis foreldre er viktige for læringa til barn og unge. FUG har ingen eigne midlar å gå inn med, men har sagt seg villig til å stille i ei eventuell referansegruppe ved behov.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 1.5: Halde oppe kontakten med dei politiske partia og Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG har hatt kontakt med dei politiske partia som har teke kontakt. Det har ikkje vore møte med KUF-komiteen på Stortinget.

FUG meiner at dette tiltaket ikkje har vore gjennomført på nokon god måte.

Konklusjon: Gjennom høyringsfråsegner har FUG fremja foreldrestemma for å bidra til læringsmiljøet til elevane. FUG har delteke i ulike referanse- og arbeidsgrupper, noko som har gitt organisasjonen høve til å løfte fram foreldrerolla og foreldra sitt ønske om å bidra til eit godt

læringsmiljø for elevane. Deltakinga i gruppene er vesentleg for at foreldreperspektivet skal komme fram i mange og svært varierte saksfelt. FUG blir invitert og bidreg som ein sentral aktør.

FUG meiner at denne oppgåva er utført på ein god måte.

2. FUG skal informere, skulere og rettleie foreldre og tilsette i skulen om verdien av samarbeid mellom skule og heim.

Tiltak 2.1: Halde foredrag for foreldre og tilsette om samarbeid og kor viktige foreldra er for læringa.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG har i 2015 halde 33 foredrag for foreldre, lærarar og skuleleiarar og på denne måten nådd rundt 2500 personar. I dei fleste tilfella har skular i kommunane slått seg saman og arrangert stormøte, og nokre gonger har det vore møte på enkeltskular. FUG ser verdien i at alle samarbeidspartar i skulen får lik informasjon om verdien av eit godt heim–skule-samarbeid, og kor viktige foreldra er for læringa til elevane. Møte med kommunar og skular har ført til at FUG har fått mange fleire førespurnader om foredrag. Stadig fleire skular har bedd om å få foredrag om det psykososiale miljøet og særleg korleis skulen og foreldra saman kan jobbe for å førebyggje mobbing.

FUG har òg vore representert på Sørlandsk lærerstevne, Østlandsk lærerstevne og på Skolemøtet for Rogaland.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 2.2: Arrangere ein nasjonal konferanse for tillitsvalde foreldre i samarbeid med FUB.

Vurdering av resultat og måloppnåing

24. og 25. oktober arrangerte FUG og FUB ein nasjonal konferanse på Gardermoen der 200 foreldre deltok. Temaet var gode relasjonar. Målet med foreldrekonferansen var å medverke til å auke kompetansen i heim–barnehage-/heim–skule-samarbeidet og få fleire foreldre engasjerte i læringa til barna, uavhengig av den sosiale bakgrunnen deira. Evalueringa i etterkant viste at foreldra var svært nøgde med konferansen. På ein skala frå 1 til 5 blei gjennomsnittet for totalvurderinga 4,7.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 2.3: Gi råd til foreldre og tilsette via e-post og telefon.

Vurdering av resultat og måloppnåing

I 2015 tok FUG imot 530 telefonar og e-postmeldingar frå enkeltforeldre og tillitsvalde foreldre. Tabellen nedanfor viser kva foreldra ønskte råd om.

| Kategori | Tal | Prosent (ca.) |
|-----------------|------------|----------------------|
| Organisering | 162 | 31 |
| Rådsorgan | 125 | 24 |
| Læringsmiljø | 98 | 18 |

| | | |
|---|----|----|
| Vanskeleg kommunikasjon med rektor/skulen | 74 | 14 |
| Mobbing | 41 | 8 |
| Spesialundervisning | 30 | 6 |

Beskriving av kategoriene

Organisering (31 prosent): Foreldra spurde om den praktiske tilrettelegginga av skulekvardagen med tanke på undervisning, vurdering, klassesamansetjing og lovverk.

Rådsorgan (24 prosent): Foreldra spurde mest om FAU, mandatet til FAU og korleis FAU er sett saman. Nokre FAU-leiarar bad om råd om korleis dei kunne hjelpe foreldre som opplevde vanskeleg kommunikasjon med rektor eller dårleg klassemiljø i klassar/grupper.

Læringsmiljø (18 prosent): Foreldra uttrykte frustrasjon knytt til uro i klassen, dårleg handtering frå læraren si side og mangelfull klasseleiing.

Vanskeleg kommunikasjon med rektor/skulen (14 prosent): Foreldra uttrykte at det var vanskeleg å samarbeide med rektor om viktige saker, inkludert læringsmiljø, spesialundervisning og mobbesaker. Dei opplevde at rektor bagatelliserte uroa deira, og i nokre tilfelle hadde rektor sendt bekymringsmelding til barnevernet om omsorgsevna til foreldra utan at dei blei varsla. Foreldra oppfatta bekymringsmeldinga som ein hemnaksjon fordi dei blei rekna som brysame foreldre.

Mobbing (8 prosent): Mobbing høyrer eigentleg til under punktet om læringsmiljøet. FUG har likevel valt å skilje ut denne delen fordi det er så alvorleg for dei det gjeld. Foreldra beskrev mobbesituasjonar på skulen eller i klassen og fortalde at dei tilsette på skulen bagatelliserte det og var passive når dei tok kontakt og fortalte om mobbinga. Somme rapporterte om manglande initiativ frå skulen si side til å fatte enkeltvedtak om mobbing og lurte på korleis dei kunne klage på dette lovbrøtet.

Spesialundervisning (6 prosent): Foreldra klaga på mangelfull oppfølging av enkeltvedtak knytte til spesialundervisning med tanke på timetal og bruk av ufaglært personale.

Kvifor tek folk kontakt?

Foreldreutvalet for grunnopplæringa trur at det at så mange kontaktar dei om organisering og rådsorgan (55 prosent til saman), skriv seg frå mangelfull opplæring av foreldra. Det er skulen som er ansvarleg for å lære opp foreldrerepresentantar i skulen. God informasjon frå og dialog med skulen er ein nødvendig føresetnad for at foreldra skal vere i stand til å delta i skulekvardagen og læringa til barna. Foreldreutvalet bidreg med informasjon på heimesida og gjennom utsendingar til skulane, men er usikre på i kor stor grad informasjonen når fram og blir brukt.

Spørsmåla om skulemiljøet, altså læringsmiljø, mobbing og vanskeleg kommunikasjon med rektor, utgjorde til saman rundt 40 prosent i 2015. Det kan vere eit uttrykk for frustrasjon frå begge sider, både frå foreldra, som ikkje blir høyrde, og frå dei tilsette, som verken veit korleis dei skal handtere spørsmåla eller har ressursane til å gjere det. FUG ønskjer at fleire kommunar skal etablere beredskapsteam mot mobbing, slik at skulane kan få rask ekstern hjelp når dei ikkje sjølve maktar å handtere mobbesaker på skulen, og slik at foreldra opplever at det blir gjort noko for barnet deira.

Dei som kontaktar oss, seier at det har vore svært nyttig å høyre frå oss, og at dei er glade for at det finst ein stad der dei som foreldre kan få kyndig rettleiing.

FUG vurderer måloppnåinga som svært god.

Tiltak 2.4: Etablere ein FAU-adressebase for å ha direkte kontakt med FAU-a og KFU-a om aktuelle saker.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG sender brev, tips og materiell til FAU-a om lag to gonger i året. Utsendingane er til no blitt kanaliserte gjennom rektorane, som vi har adresser til. Denne praksisen har etter kvart vist seg å ikkje vere effektiv nok. Noko av det utsende materiellet har dessverre ikkje nådd målgruppa. FUG meiner at dette problemet kan bli løyst ved å etablere direkte kontakt med FAU-a. Alt i 2012 starta FUG ein prosess mot dette målet. Vi kom i dialog med Utdanningsdirektoratet og søkte om ein rubrikk i GSI til FAU-adressa, noko vi dessverre fekk avslag på. Grunngevinga var av juridisk karakter. FAU-leiarar bruker ofte dei private e-postadressene sine, som ikkje kan leggast ut på ein offentleg nettstad som udir.no. Då tok FUG til å samle inn FAU-adresser gjennom rektorane for å lage eit register. Vi har per i dag samla inn om lag 800 FAU-adresser. Seinast før jul sende FUG eit brev til FAU via desse adressene med råd om korleis skulane bør ta imot flyktningsbarn og foreldra deira. Somme skreiv tilbake og takka for brevet og tipsa dei fekk. Andre bad om å bli sletta frå lista ettersom dei ikkje lenger hadde tilknytning til FAU. FUG skal i tida framover lage ein informasjonsbrosjyre med særleg fokus på mandat, valprosessane og grenseoppgangane for FAU og andre rådsorgan med foreldrerepresentasjon på skulen. Vi vurderer tettare samarbeid med fylkesmennene for å nå ut til FAU-a ved fleire skular.

FUG vurderer måloppnåinga som låg.

Tiltak 2.5: Halde ved like og oppdatere heimesida som ein ressursstad for foreldre og skular og sende ut faste nyheitsbrev.


Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG har jobba vidare med å forbetre nettsidene for at fleire foreldre skal finne fram og dra nytte av råda, rettleiingane og materiellet der. Vi følgjer systematisk med på søkjeåtferda til brukarane og gjer fortløpande endringar ut frå denne.

Hausten 2015 innførte vi ein spørjeboks som gir svar på om brukarane finn det dei leiter etter. 88 personar har svart. 49 sa at dei fann det dei leitte etter, mens 39 ikkje gjorde det. Dette har vi følgd systematisk opp og korrigert. Brukarane har òg kunna gi oss karakter, og av dei som har gjort det, gav 63 prosent karakteren 4 eller betre, mens 37 prosent gav karakteren 3 eller lågare. Vi har også i 2015 gjennomført eit kurs for nettrekaksjonen i søkjemotoroptimalisering (SEO) for å styrkje nettsidene våre i Google-søk. Det har vi følgd opp i arbeidsseminar, og vi skal jobbe vidare med det i 2016.

Nett-trafikken har også i 2015 slått tidlegare rekordar, med eit snitt på 9311 unike brukarar mot 8492 i snitt året før. Toppmånaden var som alltid september, med 16 325 unike besøk (mot 14 700 året før). Heile hausten har vi hatt stor trafikk. Nettsida blir jamleg marknadsført via foredrag, sosiale medium og på materiell som blir spreidd på standar.

Utviklinga av nett-trafikken til fug.no dei siste tre åra:



Det har vore jamlege møte i nettredaksjonen i tillegg til SEO-kurset. Det er sendt ut ni nyheitsbrev på e-post med lenkje til dei siste nettsakene på fug.no.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 2.6: Utvikle den samiske nettsida.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Dette har vist seg å vere meir ressurskrevjande enn ein trudde, og er ikkje blitt prioritert i 2015

Tiltaket er ikkje gjennomført.

Tiltak 2.7: Etablere eit nettbasert kursopplegg for FAU-medlemmer på heimesida til FUG.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Mange av dei som kontaktar FUG, spør kva som er mandatet og oppgåvene til FAU, og om korleis FAU skal organiserast. Foreldra ønskjer å gjere ein god jobb som foreldrerepresentantar, men dei er usikre på kva denne rolla inneber, og det kan vere utgangspunktet for konflikhtar. Det er i dette perspektivet FUG ønskte å tilby ein type opplæring gjennom heimesida. Men det har vist seg å vere meir ressurskrevjande enn ein hadde trudd, så tiltaket er ikkje fullført i 2015. Prosessen held fram i den nye utvalsperioden.

Tiltaket er ikkje gjennomført. FUG vurderer det som viktig å få dette på plass og held fram med arbeidet i 2016.

Tiltak 2.8: Ha kontakt med foreldra på sosiale medium om viktige saker.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG har i 2015 fått 875 nye likarar på Facebook utan annonsering, og vi hadde ved årsskiftet 4012 likarar. Det er 400 over målet i nettstrategien for 2015. Facebook blir rekna som den best eigna sosiale kanalen for å nå den viktigaste brukargruppa til FUG, nemleg foreldra og dei føresette.

På Twitter har vi fått 565 nye følgjarar i 2015, og ved årsskiftet hadde vi 1767 følgjarar. Her når vi pedagogar, politikarar, fagfolk og media i tillegg til foreldra.

Alle nyheitssaker, nettsaker og informasjon om materiell og foredrag frå FUG blir fortløpande delte i sosiale medium for å nå ut så breitt som mogleg. Også i 2015 har vi prøvd å oppnå dialog med og få innspel frå foreldra når det gjeld arbeidet vårt og dei sakene vi er opptekne av.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Konklusjon: FUG har gjennom dagleg rådgiving, foredragsverksemd og foreldrekonferanse og via media, sosiale medium og nettsida prøvd å formidla verdien av heim–skule-samarbeidet både til foreldra og dei skuletilsette. FUG meiner at denne oppgåva er utført på ein god måte.

3. FUG skal medverke til å få foreldra engasjerte i opplæringa.

Tiltak 3.1: Formidle forskning, gode døme og relevant materiell som viser at alle foreldre er ressursar for barna sine.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG har oppdatert forskingsrapportar, gode døme og relevant materiell på www.fug.no. FUG held òg forskingsbaserte foredrag for foreldre, lærarar og skuleleiarar.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 3.2: Formidle gode døme på korleis heim–skule-samarbeidet kan praktiserast.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG har oppdatert og lagt ut gode døme på foreldremøte på www.fug.no. Gode døme blir formidla gjennom foredrag og sosiale medium.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 3.3: Arbeide for å få inn forventingssamtalar på 8. trinn og vg1 straks etter skulestart.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG vedtok på eit utvalsmøte i 2014 at ein ville arbeide for å innføre obligatorisk forventingssamtale for vg1 og 8. trinn. Skular som har hatt denne ordninga, rapporterer om eit

betre heim–skule-samarbeid når kontakten blir etablert straks etter at eleven har begynt ved den nye skulen, og at desse samtalanene også gir eit godt utgangspunkt for betre tilpassa opplæring.

FUG såg det likevel som urealistisk å få gjennomslag for at dette skulle bli obligatorisk. I staden blir det neste utvalet rådd til å ta dette opp i møta med dei nasjonale samarbeidspartnarane og forvaltinga på dei ulike nivåa.

FUG vurderer måloppnåinga som låg.

Tiltak 3.4: Arbeide for at foreldre får medansvar i skulen, slik det står i lova og forskriftene.

Vurdering av resultat og måloppnåing

I samband med rådgivinga har FUG oppmoda dei tillitsvalde foreldra til å informere alle foreldre og ha gode valprosessar, slik at alle foreldre får høve til å engasjere seg som foreldrerepresentantar. FUG har lagt ein mal for FAU-vedtekter på www.fug.no. Gjennom foredrag for kommunar og fylkeskommunar har FUG spesielt oppmoda skuleeigarar til å fokusere på at foreldra har medansvar i skulen. Dette temaet er sentralt også i foredrag for foreldre.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 3.5: Inspirere til at foreldre engasjerer seg som tillitsvalde.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Gjennom foredraga, nettsida og dei sosiale media oppmodar FUG foreldra til å engasjere seg som tillitsvalde. Konferansen i 2015 var òg eit tiltak for å inspirere fleire til å vere tillitsvalde. Tilbakemeldingar viser at FUG i stor grad har lykkast med å inspirere både foreldre, lærarar og skuleleiarar, men vi ønskjer å nå ut til fleire.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 3.6: Halde fram med å samarbeide med utdanningsdirektøren i Hedmark for å auke engasjementet for foreldremedverknad i kommunane.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Utdanningsdirektøren hos fylkesmannen i Hedmark har eit prosjekt som heiter «Kultur for læring». Målet er at fleire elevar i fylket skal fullføre og bestå med betre læringsresultat. FUG deltek som partner i arbeidet. FUG ønskjer å bruke erfaringane frå Hedmark som utgangspunkt for å samarbeide med fleire fylkesmenn.

FUG vurderer måloppnåinga som tilfredsstillande.

Tiltak 3.7: Lage eit foreldrehefte om utdanningsval.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Sjølve heftet blei ei oversikt over kvar viktige val skjer i utdanningsløpet generelt, slik at alle foreldre kan vere ekstra merksame når desse vala skjer. FUG har sett det som meir

formålstenleg å utbetre informasjonen om utdanningsval på heimesida. Mellom anna er det lagt ut ein PowerPoint-presentasjon frå Senter for IKT i utdanninga som FAU kan bruke på foreldremøte for å skape engasjement rundt temaet. Her finn dei òg annan informasjon, slik at dei kan ha kunnskapsbaserte samtalar med ungdommane om val av utdanning og yrke. Vala kan verke som små enkeltsaker når dei kjem opp, men kan vere viktige val som gir barn og ungdom grobottn og motivasjon for å komme i mål med utdanninga og tilsetjinga i det ønskete yrket.

FUG vurderer måloppnåinga som tilfredsstillande. Dette arbeidet vil bli følgt opp i 2016.

Tiltak 3.8: Arbeide for å samle samiske foreldre for å etablere eit samisk foreldrenettverk for familiar innanfor og utanfor forvaltingsområda.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG har i samarbeid med Sametinget hatt to møte med samiske foreldre i Tromsø hausten 2015. Det første møtet var i Árdna, det samiske kulturhuset til Universitetet i Tromsø. Foreldra blei inviterte til møtet via dei lokale foreldrenettverka, via invitasjonar til 15 kommunar som anten er språklege forvaltingskommunar eller har samarbeidsavtalar med Sametinget, og via sentrale kontaktar som Sametinget har gjennom arbeidet sitt. Invitasjonen blei send ut på både norsk, nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. Det blei lagt stor vekt på å få deltakarar frå alle språkgruppene, innanfor og utanfor forvaltingsområda og frå by og land, med tanke på majoritet og minoritet på det samiske feltet. I møta var det stor semje om at det er behov for ein arena for erfaringsutveksling og klargjering av rettar. Dei samiske representantane til FUG og FUB har òg ønskt ei representativ gruppe som dei kan diskutere samiske perspektiv med, både når det gjeld høyringssvar og andre saker som skal løftast. Likevel var det usikkert korleis dette best kan organiserast, og korleis ein kan sikre finansiering for eit meir langsiktig arbeid. Det blei derfor oppretta eit interimsstyre som i 2016 arbeider vidare med desse spørsmåla.

FUG vurderer måloppnåinga som svært god.

Konklusjon: FUG har gjennom rådgiving og samarbeid med relevante instansar, inkludert Sametinget, NAFO og Oslo KFU, og kontakt med skuleeigarane bidrege med innspel som er nyttige for at alle foreldra skal engasjere seg meir i heim-skule-samarbeidet. Det er vanskeleg å vurdere om fleire foreldre er engasjerte, og om det i så fall er på grunn av innsatsen til FUG. Men FUG meiner at aktivitetane som har vore gjennomførte, bidreg til måloppnåing.

4. FUG skal samarbeide med aktuelle aktørar i saker der det er viktig at foreldreperspektivet er representert.

Tiltak 4.1: Ha jamleg kontakt med samarbeidspartnarar, mellom andre FUB, lærarorganisasjonane, Skolelederforbundet, Elevorganisasjonen, Barneombodet, Sametinget, KS, NAFO og fylkesmennene, fylkeskommunen og dei aktuelle fagdirektorata.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Leiaren og sekretariatet i FUG har hatt regelmessige møte med ei rekkje ulike samarbeidspartnarar. Kor mange møte det har vore i året, har variert avhengig av karakteren på samarbeidet. I møta har ein diskutert skulepolitiske saker av felles interesse. FUG har hatt stor nytte av gjensidig erfaringsutveksling med organisasjonar som har ein annan ståstad enn oss.

Det er ein måte å minne sentrale aktørar i skulesystemet på at foreldra er viktige for læringa til barn og unge, men det er òg nyttig for å halde oss oppdaterte på korleis dei vurderer aktuelle skulesaker. FUG ser på samarbeidet som verdifullt og ønskjer å føre det vidare. I samarbeid med Sametinget er vi i ferd med å reetablere eit samisk foreldrenettverk.

FUG har ikkje klart å etablere noko samarbeid med IMDi, men ser at det med auka innvandring til Noreg ikkje blir mindre viktig i åra som kjem. FUG vil prioritere dette arbeidet i 2016.

FUG har samarbeidd med Fylkesmannen i Hedmark og Fylkesmannen i Telemark. Det sistnemnde samarbeidet har resultert i fleire foredrag i kommunane i Telemark. I 2016 ønskjer FUG å gjere meir av dette i fleire fylke.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 4.2: Halde kontakt med relevante samarbeidspartnarar med tanke på å motverke fråfall frå vidaregåande opplæring.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG ville arbeide for ei mentorordning med tanke på sårbare overgangar, særleg når det gjeld elevar som står i fare for å ikkje fullføre vidaregåande opplæring. Det treårige prosjektet til BLD (LOS) styrkjer oppfølginga av ungdom som står i fare for å hamne utanfor skule og arbeid. Prosjektet er vidareført gjennom tilskotsordningar. FUG tok derfor kontakt med ein av kommunane som fekk LOS-midlar for tre nye år.

FUG vurderer måloppnåinga som tilfredsstillande.

Tiltak 4.3: Halde forelesingar om heim–skule-samarbeid på lærarutdanningane og arbeide for at ressursmateriellet for lærarutdanninga blir teke i bruk.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Det er svært viktig at lærarstudentane lærer å kommunisere med foreldra, og at dei ser på foreldra som ein nyttig samarbeidspartnar med tanke på læringa til elevane.

FUG har halde tre foredrag på lærarutdanningsinstitusjonar og oppdatert ressursmateriellet til lærarutdanninga på heimesida vår. Vi opplever at det er verdifullt å treffe lærarstudentar. Dei ønskjer å få kunnskap om korleis dei kan møte ulike foreldregrupper og bruke dei som ein ressurs til beste for elevane. Dei uttrykkjer at samarbeidet med foreldra er eit av dei arbeidsområda dei gruer seg mest til, både på grunn av aldersforskjellen og fordi foreldra blir stadig meir bevisste på kva rettar dei har. FUG har reklamert for ressursmateriellet for lærarutdanninga som ligg tilgjengeleg på heimesida til FUG. Som ei følgje av det openberre behovet ønskjer FUG å vere meir proaktive og etablere kontakt med fleire lærarutdanningar i 2016.

FUG vurderer måloppnåinga som god nok.

Tiltak 4.4: Delta aktivt i førebyggjande tiltak for eit godt psykososialt læringsmiljø.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG deltok aktivt som part i Manifest mot mobbing, som på slutten av 2015 skifta namn til Partnerskap mot mobbing. Det er eit sentralt tema i heile FUG-verksemda, både gjennom foredrag, høyringsarbeid og saker i media, og er derfor indirekte omtalt fleire stader i årsmeldinga. Sjå òg tiltak 4.5.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 4.5: Bidra med erfaring til å vidareføre Beredskapsteam mot mobbing i fire regionar. Halde fram med engasjementet for beredskapsteama i kommunane.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG deltek i arbeidet med å etablere beredskapsteam mot mobbing. 19 kommunar og éin fylkeskommune er blitt skulerte i 2015. Det vil bli utarbeidd ein rapport i 2016.

FUG vurderer måloppnåinga som god.

Tiltak 4.6: Samarbeide med foreldreorganisasjonar i Norden gjennom NoKo og i Europa gjennom EPA.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUG har hatt eit godt samarbeid med søsterorganisasjonane i Nordisk Komité (NoKo) og med den europeiske foreldreorganisasjonen EPA.

Nordisk Komité er ei samanslutning av grunnopplæringa sine foreldreorganisasjonar i Norden. Søsterorganisasjonane til Foreldreutvalet for grunnopplæringa er: Förbundet Hem och Skola (Finland), Skole og Forældre (Danmark), Riksförbundet Hem och Skola (Sverige) og Heimili og skóli – Landssamtök foreldra (Island).

Nordisk komité møttest kvart år for å diskutere skulepolitikk og foreldresamarbeid. Mange saker er av felles interesse for dei nordiske landa, til dømes forskning om heim–skule-samarbeid, kompetanse om heim–skule-samarbeid i lærarutdanninga, skulen sitt ansvar og foreldra si rolle i eit godt samarbeid, foreldra si rolle i kvalitetsutvikling og skulevurdering, mobbing og fråfallsproblematikken. Møta er blitt brukte til å utveksle erfaringar, gi kvarandre innspel og foreslå tiltak. Mellom anna deler vi gode publikasjonar og omset og tilpassar til eigne forhold. Annakvart år arrangerer samanslutninga ein felles konferanse. Det skal vere konferanse i 2016.

FUG er representert i den europeiske foreldreorganisasjonen, European Parents' Association (EPA). Nestleieren i FUG, Christian Hellevang, er medlem av EPA-styret. I 2015 var det to EPA-konferansar med påfølgjande medlemsmøte.

FUG vurderer måloppnåinga som tilfredsstillande.

Tiltak 4.7: Samarbeide med FUB om prosjektet «Hele barnet, hele løpet – mobbing i barnehagen». Sjå òg kapittel III, tiltak 3.6 i FUB sin del.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Eit enkelt program for å regulere energinivå og konsentrasjon blei prøvd ut i Gjerstad natur- og gardsbarnehage hausten 2014. På bakgrunn av erfaringane blei det trykt opp øvingsmateriell og eit rettleiingshefte i 2015. Øvingsmaterialet beskriv enkle øvingar for å skape energi og

oppnå avspenning. Eit møte med barna, som no er blitt skuleelevar, og foreldra deira er planlagt i 2016. Formålet er å høyre om dei bruker materiellet og har nytte av det. Det har òg vore brukt på ein ungdomsskule for å oppnå ro og konsentrasjon. Utprøvinga er gjort i svært liten skala, men ser ut til å ha hatt god effekt.

Prosjektet «Hele barnet, hele løpet – mobbing i barnehagen» var i utgangspunktet fundert i formålsparagrafen og den generelle delen av læreplanen. Dersom heile barnet blir vareteke i barnehagen og i skulen, vil det vere betre i stand til å stå løpet ut og fullføre utdanninga. I løpet av prosjektet blei merksemda konsentrert om barnehagen og mobbing. Vi ser at verdien for FUG blei mindre enn først planlagt.

FUG vurderer måloppnåinga som tilfredsstillande. Verdien av prosjektet er stor, men mest interessant for barnehageområdet.

Konklusjon: Gjennom det konstruktive samarbeidet med aktuelle aktørar har FUG drøfta viktige saker der det er avgjerande at foreldreperspektivet er representert. FUG vurderer å ha utført denne oppgåva på ein god måte.

Resultatmål for sekretariatet for FUB og FUG

Vurdering av måloppnåing og arbeid med faste oppgåver som er gitt sekretariatet for 2015.

Målet er at sekretariatet gjennom arbeidet sitt skal leggje til rette for at utvala bidreg aktivt med synspunkt og råd overfor Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Faste oppgåver:

1. Sørgje for at utvala får god fagleg og administrativ støtte i arbeidet sitt.

Vurdering av resultat og måloppnåing

For å oppfylle rolla si har utvala svart på høyringar, hatt kontakt med den politiske leiinga og andre i Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet og ulike samarbeidspartar. Sekretariatet har bidrege med god fagleg og administrativ støtte. Sekretariatet tek seg av å førebu saker til utvalsmøte og følgjer opp vedtaka til utvala. Sekretariatet førebur òg ulike møte og andre oppdrag som utvalet ønskjer å gjennomføre.

Sekretariatet vurderer måloppnåinga som svært god.

2. Sørgje for god ressursutnytting og samordning av aktivitetane til begge utvala og sikre informasjonsflyt på tvers av utvala.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Ressursane har vore utnytta effektivt og i samsvar med reglane i staten. Saksdokumenta til begge utvala er blitt lagde på eit felles intranett, Projectplace, der alle i utvala og sekretariatet har tilgang. I tillegg har heile sekretariatet vore kjent med arbeidet til begge utvala og samordna og sikra informasjonsflyten. Utvala har hatt felles møtetid på eitt utvalsmøte i 2015.

I oktober 2015 arrangerte FUB og FUG ein felles foreldrekonferanse for barnehage- og skuleforeldre der 200 foreldre deltok.

Sekretariatet vurderer måloppnåinga som svært god.

3. Sikre god ressursfordeling mellom utvala i tråd med tildelingsbrevet og i samarbeid med utvala.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Ressursfordelinga blei gjort ut frå rammene i tildelingsbrevet og med ei målsetjing om at begge utvala skulle ha eit godt økonomisk handlingsrom. Den økonomiske fordelinga mellom utvala skjer ope og med fullt innsyn i begge budsjetta for alle medlemmene i begge utvala. Budsjettet blei behandla i begge utvala.

Sekretariatet vurderer måloppnåinga som svært god.

4. Sørgje for at verksemda blir driven effektivt og i samsvar med økonomiregelverket for staten og anna statleg regelverk, og sørgje for forsvarleg kontroll.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Sekretariatet er fullservicekunde hos Direktoratet for økonomistyring. Sekretariatet har følgd dei etablerte rutine og søkt råd hos DFØ og KD.

Sekretariatet vurderer måloppnåinga som tilfredsstillande.

5. I samråd med utvalsleiarane vidareutvikle og halde oppe ei felles forståing av rollene og oppgåvene til sekretariatet og utvala.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har samarbeid og gjensidig forventingsavklaring som årleg tema på eit utvalsmøte. FUG har utarbeidd eit dokument om mandat, roller og samarbeid og har kvart år samarbeid og fordeling av roller og arbeidsoppgåver som tema på eit utvalsmøte. Begge utvala har gitt uttrykk for at den felles forståinga er god, og at samarbeidet fungerer.

Sekretariatet vurderer måloppnåinga som god.

6. Vise enkeltsaker til den rette formelle instansen.

Vurdering av resultat og måloppnåing

Sekretariatet opplever at foreldra som tek kontakt, set pris på å ha ein tredjepart som lyttar og gir råd om korleis dei skal gå vidare med sakene dei er opptekne av. Sekretariatet meiner det er viktig å prioritere dette. I nokre få enkeltsaker er foreldre blitt viste vidare til den rette formelle instansen.

Sekretariatet vurderer måloppnåinga som svært god.

7. I samråd med utvala velje ut sentralt informasjonsmateriell som skal omsetjast til samisk og dei største minoritetsspråka, etter ei vurdering av tilgangen på slikt materiell frå andre ressursar.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB har omsett delar av heimesida til nordsamisk og har omsett ein infobrosjyre til dei fem mest brukte språka i tillegg til norsk. Dette arbeidet har ikkje FUG funne midlar til i 2015. Det nye utvalet må følgje opp denne oppgåva.

Sekretariatet vurderer måloppnåinga som låg.

8. Vareta prinsippet om universell utforming på heimesidene til utvala.

Vurdering av resultat og måloppnåing

FUB og FUG har vareteke prinsippet om universell utforming på heimesidene, med mellom anna verktøy for tekstopplasing og høve til auka skriftstorleik. Alle malar for nettstaden er validerte i samsvar med den tilrådde W3C-standarden og er dermed tilrettelagde for skjermleseutstyr og anna spesialtilpassing for alle brukarar.

Sekretariatet vurderer måloppnåinga som tilfredsstillande.

Konklusjon:

Sekretariatet i FUB og FUG legg til rette slik at utvala kan nå dei måla som er gitt i tildelingsbrevet. Begge utvala har fått gode nok økonomiske rammer til å ha den nødvendige fridommen til å utføre oppgåvene sine som uavhengige utval. Personalressursane har vore fordelte mellom utvala slik at både barnehage- og skulefeltet er blitt dekte.

Sekretariatet har arbeidd systematisk for at det skal vere ei felles forståing mellom begge utvala og sekretariatet om rollefordelinga og samarbeidet. Begge utvala har uttrykt at dei er nøgde med samarbeidet med sekretariatet.

Det har ikkje vore arbeidd nok for at sentralt informasjonsmateriell som er utvikla, er blitt gjort tilgjengeleg for alle brukarane.

Bruken av dei tildelte midlane på kapittel 221

Kontoplanen til FUB og FUG

Kontoplanen følgjer retningslinjene som er gitt for statlege verksemdar. FUB og FUG har definert ulike koststader for å kunne rapportere på høvesvis utvalsteiaren, andre utvalsmedlemmer, sekretariatet eller eksterne.

Formålsdimensjonen er delt opp i hovudkategoriane rådgiving overfor myndigheitene, utoverretta verksemd mot foreldre lokalt og støtte-/verksemdsaktivitetar. Det blir gjort greie for bruken av tildelte midlar til FUB og FUG for 2015 i heile kroner. Det er ikkje kommentert for kvar enkelt transaksjon, men der store summar er rekneskapsførte. Kommentaraane er på kontogruppenivå.

Kommentarar til rekneskapen, kapittel 221

Kontogruppe 50 Lønn

Lønnsutgiftene til dei fast tilsette i sekretariatet er fordelte på ulike hovudformål – mellom anna rådgivingsrolla overfor myndigheitene, utoverretta verksemd mot foreldre og tilsette i skulen og verksemdsoppgåver/støtteaktivitetar. Sekretariatet har hatt ansvar for å setje i verk og gjennomføre tiltak og følgje opp utvala. Lønnsutgiftene dreier seg om fastlønn, overtid til fast tilsette og ekstrahjelp. Til saman er det rekneskapsført 5 630 611 kroner på desse kontoane.

Kontogruppe 53 Honorar

Det faste honoraret til leiarar og nestleiarar er fordelt på rådgivingsrolla overfor myndigheitene og arbeid retta direkte mot foreldra. FUB-leiaren og FUG-leiaren har representert FUB og FUG i møte med departementet og direktoratet og andre sentrale samarbeidspartar, dei har halde foredrag og innlegg på konferansar, kurs og samlingar på kommunenivå, og dei har stått fram i media.

FUB-utvalet har hatt tre todagarsmøte og to dagsmøte i 2015. Førebuingane til FUB-møta skjer via e-post mellom sekretariat og utvalsteiaren. Honorarutgiftene til møta i heile utvalet er fordelte på hovudformåla rådgivingsverksemd overfor myndigheiter (høyringar, drøfting av barnehagepolitiske satsingar, oppfølging av stortingsmeldingar og strategiar for å nå måla til FUB) og utoverretta verksemd (profilering av kompetansen og måla til FUB, informasjonsarbeid og kommunikasjon med foreldra).

FUB-medlemmene har delteke aktivt i høyringsarbeid og utforming av notat/innspel til Kunnskapsdepartementet. Vi har aktivt gitt høyringssvar i saker som dreier seg om barnehage og foreldresamarbeid.

FUG-utvalet har hatt fem todagarsmøte og eitt dagsmøte i 2015, og det har vore åtte møte i arbeidsutvalet til FUG. Honorarutgifter til møta i heile utvalet blir fordelte på hovudformåla rådgivingsverksemd overfor myndigheiter (høyringar, drøfting av skulepolitiske satsingar, oppfølging av stortingsmeldingar, strategiar for å nå måla til FUG) og utoverretta verksemd (profilering av kompetansen og måla til FUG, informasjonsarbeid, kommunikasjon med foreldra). Kostnader i samband med arbeidsutvalet blir rekna som ein del av rådgivingsverksemda til FUG.

FUG-medlemmene har delteke aktivt i høyringsarbeid og i utforminga av notat/innspel til departementet. Vi har gitt høyringssvar i saker som dreier seg om skule og foreldresamarbeid. Fleire av medlemmene har òg vore aktivt med i den delen av verksemda som rettar seg direkte mot skular og foreldre, til dømes skulering av tillitsvalde foreldre. FUG-medlemmene har representert foreldrestemma i ulike referansegrupper, til dømes «Utdanningsdirektoratets råd

for inkluderende opplæring», «Brukerforum for likeverdig opplæring» og «Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem».

Til saman er det kostnadsført 1 059 382 kroner på honorar.

Kontogruppe 54 Arbeidsgivaravgift

Arbeidsgivaravgifta er rekneskapsført med 947 261 kroner.

Kontogruppe 63 Leige av lokale

Det er blitt rekneskapsført 780 000 kroner til husleige, noko som òg dekkjer reinhald, straum, resepsjonstenester, planteleige o.a.

Kontogruppe 67 Kjøp av framande tenester

I fellesprosjektet «Hele barnet, hele løpet – mobbing i barnehagen» samarbeider Universitetet i Agder og Kristiansand kommune med FUB og FUG om forskning og eit rettleingsopplegg. Utgifter til dette prosjektet ligg under kontogruppe 67. Utgifter til foredragshaldarar på foreldrekonferansen er òg lagde på kontogruppe 67.

Til saman er det rekneskapsført 897 852 kroner på kontogruppa Kjøp av framande tenester.

Kontogruppe 71 Kostnad og godtgjersle for reise, diett, bil og liknande

Posten dekkjer mellom anna reise og opphald for medlemmene av FUB, FUG og sekretariatet til utvalsmøte og møte med samarbeidspartar og myndigheiter. Som nemnt under kontogruppe 53 blei desse møta knytte til FUB og FUG si rolle som rådgivande organ overfor myndighetene, arbeid retta direkte mot foreldre og andre sentrale samarbeidspartar. Posten dekkjer òg reiser i samband med eksterne foredrag. I tillegg er det ført reise- og opphaldsutgifter til utvalsmøte og arbeidsutvalsmøte.

Reisekostnader knytte til nasjonal foreldrekonferanse for FUB og FUG er òg førte på kontogruppe 71.

Til saman er det rekneskapsført 984 330 kroner på kontogruppe 71.

Avvik mellom tildelte og rekneskapsførte beløp

FUB og FUG fekk opphavleg tildelt 13 845 000 kroner i tildelingsbrevet for 2015. Vidare fekk FUB og FUG ei overføring av ubrukte midlar frå 2014 til 2015 på 737 000 kroner. I oktober fekk sekretariatet i supplerande tildelingsbrev ein lønnskompensasjon på inntil 40 000 kroner. Det utgjer til saman 14 622 000 kroner.

Rekneskapan for 2015 viser eit positivt resultat på 13 430 074 kroner. Det viser eit mindreforbruk av samla ressursar for 2015 på 9 prosent. Verksemdar kan søkje overføring av ubrukte midlar på 5 prosent av den opphavlege tildelinga. Søknaden er send til Kunnskapsdepartementet. Utgiftene varierer gjennom året, og det er derfor vanskeleg å følgje ei konstant prosentfordeling på utgifter per måned. Til dømes arrangerer utvala ein stor foreldrekonferanse om hausten, derfor blir det store utgifter på slutten av året. Det er utfordrande å budsjettere nøyaktig sidan vi ikkje vet kor store reiseutgifter det vil bli for deltakarane. Vi er eit statleg organ og dermed sjølvassurandør. Derfor er det nødvendig å ha ein reserve gjennom heile året.

For begge utvala har det vore avgjerande at dei tildelte midlane skal brukast i samsvar med føringane i tildelingsbrevet, og at ressursane skal utnyttast effektivt og formålstenleg.

Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda

Vesentlege forhold ved styring og kontroll

Utvala og sekretariatet arbeider etter måla og rammene som er gitt i tildelingsbrevet. Samla sett er måloppnåinga vurdert som god. Ressursane blir brukte effektivt. Verksemda er fullservicekunde hos DFØ og følgjer metodane deira for styring og kontroll. Det er framleis noko usikkerheit rundt økonomistyringa, ein opplever at rekneskapssystemet ikkje gir gode nok data til å planleggje aktiviteten slik at det blir betre samsvar mellom tildeling og forbruk. Det er i år igjen eit for stort mindreforbruk. Innføring av ny standard kontoplan har òg medført store endringar, men ein opplever at styringsinformasjonen ikkje dannar eit godt nok grunnlag for avgjerder gjennom året.

Risikovurdering

Risikovurdering blei utvikla på bakgrunn av verksemdsplanen for 2015. Det har ikkje vore vesentlege avvik frå dei planlagde tiltaka.

Økonomiinstruksen til verksemda

Det er gjort ein gjennomgang av verksemda sin økonomiinstruks i 2015, og det er gjennomført revisjon på bakgrunn av gjennomgangen. Økonomiinstruksen er under kontinuerleg vurdering internt og blir revidert.

Etiske retningslinjer for verksemda

Det er ikkje blitt utvikla eigne etiske retningslinjer for verksemda; vi har brukt dei retningslinjene som er utvikla for staten, og som er reviderte 26.4.2012. I 2015 utarbeidde vi rutinar for intern varsling ved FUB og FUG, og desse rutinane er behandla i medbestemmingsutvalet.

Fellesføringar

Tidstjuvar

FUB og FUG har prioritert to brukarretta tidstjuvar i 2015.

Den eine er oppbygginga av heimesidene til FUB og FUG. På begge sidene har brukarane hatt høve til å svare på om dei fann det dei leitte etter. Når det gjeld www.fubhg.no, har berre 22 svart, og 19 av desse fann det dei leitte etter. På www.fug.no har 88 svart, og 49 av dei fann det dei leitte etter. Tilbakemeldinga frå dei som ikkje fann fram, er blitt følgd opp, og heimesida er endra. FUB oppnemnde ei arbeidsgruppe i 2015 som skulle vurdere heimesida og eventuelt foreslå ein revisjon. FUG ønskte at det nye utvalet, som er oppnemnt frå 2016, skal leggje føringar for arbeidet. Det blei henta inn anbod for revisjon av heimesidene. Arbeidet held fram i 2016, det er sett av midlar på budsjettet, og utvala skal ha felles utvalsmøte om revisjon av heimesidene i mars 2016.

Den andre tidstjuven er brukarvennlege tekstar på heimesidene. Då brukarane skulle seie om dei fann det dei leitte etter, gav dei òg karakter på sidene dei hadde vore inne på. Av brukarane som gav tilbakemelding på sidene til FUB, gav 86 prosent karakteren 4 eller betre. Av brukarane som gav tilbakemelding på sidene til FUG, gav 63 prosent karakteren 4 eller betre. Men det er veldig få som har gitt tilbakemelding. Det er ein eigen nettredaksjon for kvar heimeside som arbeider regelmessig med å revidere tekstane på sida. Utvalsmedlemmene gir òg tilbakemelding til sekretariatet om tekstar som bør reviderast.

Det er eit mål at fleire av lesarane skak oppgi at dei fann det dei leitte etter, når dei har brukt heimesidene våre.

Lærlingar

Vi har tidlegare hatt ein elev frå Bleiker videregående skole i Asker i sekretariatet ein dag i veka. Han har fått opplæring innanfor faget kontor og administrasjon. Han var hos oss i samband med prosjekt til fordjuping. Han avslutta våren 2013. I 2014 og 2015 hadde vi ingen lærlingar og ingen elevar i samband med prosjekt til fordjuping. På bakgrunn av erfaringane vi har gjort, vurderer vi det slik at sekretariatet er for lite til å ta seg av ein lærling på ein god måte åleine. Vi søkte derfor etter andre verksemder å samarbeide med. Vi har sendt førespurnad til Utdanningsdirektoratet, Kunnskapsdepartementet og NOKUT. Ingen av dei tre organisasjonane ønskte å dele på ansvaret med å ha ein lærling. Vi har òg hatt kontakt med opplæringskontoret for statlege verksemder i Oslo og Akershus for å få hjelp til å finne éi eller fleire verksemder som vi kunne samarbeide med, men verken dei eller vi har funne nokon i 2015.

Tryggleik og beredskap

Det er i 2015 utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysar som er verksemdstilpassa. Arbeidet er gjennomført i kontakt med Utdanningsdirektoratet, der sekretariatet er lokalisert. Arbeidet er gjort kjent for dei tilsette i sekretariatet. Det er utarbeidd ein krisehandteringsplan. Den er òg gjord kjend for dei tilsette.

Det blei gjennomført ei skrivebordskriseøving 09.12.2015. Deltakarar var kontorsjefen og den nestansvarlege. Øvinga blei evaluert, planane blei følgde, og dei fungerte etter intensjonen.

Når det gjeld informasjonstryggleiksarbeid, er sekretariatet nært knytt til Utdanningsdirektoratet. Vi har felles server og felles rutinar for tryggleik. Alle som bruker informasjonsteknologi tilknytt Utdanningsdirektoratet, pliktar å følgje informasjonstryggleikspolicyen deira og vareta krav til kvalitet når det gjeld informasjonshandtering og tryggleik.

Andre krav til årsrapporten

Informasjonsstrategi og gjennomføring av informasjonsoppgåver

Kommunikasjonsarbeidet i FUB og FUG har skjedd i tråd med utvala sine vedtekte strategiar for media, nettet og dei sosiale media og proaktive medieplanar for 2015. Begge utvala har vedteke ein overordna kommunikasjonspolitikkk som alle strategiane er forankra i. Dei enkelte tiltaka er beskrivne for begge utvala under kapittel III.

Likestilling

90 prosent av dei tilsette er kvinner; ved tilsetjingar tek ein derfor sikte på å tilsetje fleire menn. Det blei tilsett éin person i 2015. Fleire menn var inne til intervju, men det var til slutt ei kvinne som blei tilsett.

Helse, miljø og sikkerheit

Anne Føskerud er verneombod for andre periode. Verneombodet og kontorsjefen gjennomførte eit 40-timars HMS-kurs våren 2011.

Når det gjeld det fysiske arbeidsmiljøet til verksemda, er lokala nye og godt vedlikehaldne.

Sekretariatet gjorde ein ny IA-avtale i 2014. Under delmål 1 i avtalen, som er å redusere sjukefråværet, er det vesentleg å sjå arbeidet i samanheng med oppfølginga av medarbeidarundersøkinga. Eitt tiltak er ein times trening i arbeidstida kvar veke for tilsette under

60 år og to timar i veka for tilsette over 60 år.

Sjukefråværsprosenten for 2015 er 2,41. Målet i avtaleperioden er å halde seg på fråværsprosenten for 2013, det vil seie 2,32 prosent. Dei tilsette har vore opptekne av trening, kosthald, helse og frammøte. Det har òg vore gjennomført trivselsfremjande tiltak.

Under delmål 2, som tek for seg personar med redusert funksjonsevne, er tiltaka tilrettelegging. Det har vore éin tilsett med lengre sjukefråvær. Ved slutten av året var ingen tilsette sjukmelde.

Delmål 3 tek for seg forlenging av yrkeskarrieren. I 2012 gjekk éin tilsett av med pensjon, ho var då 66 år. I 2015 gikk ein annan tilsett av med pensjon, ho var då 67 år. Ved utgangen av 2015 er sju av dei ti tilsette over 50 år. Seniortiltak er ekstra fridagar i tillegg til den avtalefesta ferien.

Kapittel V Vurdering av framtidssutsikter

Barnehagelova og opplæringslova omtaler samarbeid med foreldra. Eit nært og forpliktande samarbeid er avgjerande for å realisere måla som er sette for barnehage og skule. Det er høg bevisstheit omkring kor viktig det er med foreldresamarbeid, og bevisstheita aukar stadig. Men samarbeidet er ikkje alltid enkelt, og det vil framleis vere stort behov for å sørgje for at både foreldra og dei tilsette i barnehage og skule har kompetanse og får rettleiing, slik at ein kan etablere og eit godt samarbeid og halde det ved like.

Barnehagen har vore, og er framleis, i rask utvikling, og foreldrestemma må høyrast når endringar skal gjennomførast i åra som kjem. Det same gjeld for skulen. FUB og FUG er spesielle i eit internasjonalt perspektiv, men vi opplever at vi som har ansvaret for barn og unge frå 0 til 18 år, fyller ein viktig funksjon innanfor sektoren vår. FUB og FUG opplever å bli inviterte med når ulike tema i barnehage og skule skal diskuterast, og at synspunkta til foreldra blir lytta til og vurderte. Bidraga frå utvala blir opplevde som viktige i dag og vil ha ei sentral rolle i store endringsprosessar innanfor sektoren i åra som kjem.

Rapporten «Kunnskapssektoren sett utenfra» tar opp ei mogleg anna plassering av FUB og FUG i sektoren. Resultata etter denne rapporten er det for tidleg å skrive noko om, men det vil vere stort behov for å løyse oppgåver og nå dei måla som er sette for FUB og FUG, i åra som kjem.

Vi kan komme til å oppleve kapasitetsproblem. Begge utvala arbeider målbevisst med å bli betre kjende, og begge utvala opplever å få fleire spørsmål om å delta på arrangement, halde foredrag og hjelpe til med rådgiving. Det kan i nokon grad løysast ved å utvikle heimesidene ytterlegare og i endå større grad utnytte dei sosiale media til å formidle budskapen vår. Andre måtar å kommunisere på, til dømes gjennom videokonferanse, vil òg kunne lette kapasitetsproblema. Men det motsette kan òg vere eit alternativ, nemleg at fleire opp dagar kva vi kan bidra med, og dermed ønskjer samtalar og foredrag.

Ideelt sett skulle vi ha nådd alle måla vi sette oss for 2015. Vi er særleg uroa for begge heimesidene, dei samiske sidene og omsetjingane til andre språk. Heimesidene vil vere særleg viktige når fleire brukarar ønskjer informasjon frå og kontakt med foreldreutvala. Vi kan få ei kapasitetsutfordring, og i framtida kan det bli nødvendig med strengare prioritering. FUB og FUG vurderer det slik at vi òg på lengre sikt vil nå dei fastsette måla på ein tilfredsstillande måte.

Kapittel VI Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2015

Formål

FUG blei oppretta i 1976, og FUB blei oppretta i 2010. Begge ligg under Kunnskapsdepartementet. Sekretariatet er eit ordinært statleg forvaltingsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Utvala skal vere rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Dei skal gi informasjon og rettleiing til foreldre og tilsette i barnehagar og skular. Begge utvala samarbeider med aktuelle aktørar i utdanningssektoren. Sekretariatet støttar arbeidet til utvala. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten til Kunnskapsdepartementet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og økonomiske føringar i tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet. Rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigdeilar og gjeld.

Vurderingar av vesentlege forhold

I 2015 var dei samla disponible tildelingane 14 622 000 kroner. Mindreutgifta for post 01 Driftsutgifter blei 1 191 926 kroner. Utbetalingar til lønn utgjer 7 656 539 kroner til saman. Den rekneskapsførte husleiga er 780 000 kroner.

FUB og FUG hadde i 2015 ein felles foreldrekonferanse. Utgifta var på 1 195 644 kroner til saman. I tillegg har FUB og FUG hatt ei felles satsing, «Hele barnet, hele løpet – mobbing i barnehagen». Prosjektet skal ikkje vidareførast i 2016.

FUG har materiell som blir sendt til skulane. Det er ei oppgåve som skal vidareførast i 2016, men ein vurderer å tilby færre publikasjonar for å redusere kostnaden.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for FUB og FUG. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per i dag. Denne meldinga er unnateken offentleg innsyn fram til Stortinget har fått Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men vil bli publisert på nettsidene til utvala så snart dokumentet er offentleg.

Oslo, 01.03.2016



Gro Hexeberg Dahl
kontorsjef

Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Foreldreutvalet for barnehagar og Foreldreutvalet for grunnopplæringa er utarbeidd og lagd fram etter retningslinjene som er fastsette i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnene»), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 5. november 2015. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2015 og økonomiske føringar i tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men er grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen. Ved slutten av året blir saldoen på den enkelte oppgjærskontoen nullstilt ved overgangen til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samlet tildeling» viser kva FUB og FUG har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel 221 / post 01). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og plikter som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapitlet/posten til ei anna verksemd (belastingsfullmakter) kjem ikkje fram i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastingsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Dei avgitte belastingsfullmaktene er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir verken bokførte eller rapporterte til statsrekneskapen av verksemda sjølv. Avgitte belastingsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og er derfor ikkje med i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del, som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del, som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for

statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyvingsrapportering (Sjå tabellen på neste side.)

Oppstilling av bevilgningsrapportering, 31.12.2015

| Utgiftskapittel | Kapittelnavn | Post | Posttekst | Note | Samlet tildeling* | Regnskap 2015 | Merutgift (-) og mindregift |
|--|---|----------|--------------------|---------|-------------------|-------------------|---------------------------------|
| 0221 | Driftsutgifter | 01 | Driftsutgifter | A,B | 14 622 000 | 13 430 074 | 1 191 926 |
| 1633 | Nettoordning for MVA i staten | 01 | Driftsutgifter | | | 654 095 | |
| <i>Sum utgiftsført</i> | | | | | 14 622 000 | 14 084 170 | |
| Inntektskapittel | Kapittelnavn | Post | Posttekst | | Samlet tildeling | Regnskap 2015 | Merinntekt og mindreinntekt (-) |
| 5309 | Statens tilfældige inntekter | 29 | Ymse | | | 12 756 | |
| 5700 | Arbeidsgiveravgift | 72 | Arbeidsgiveravgift | | | 947 137 | |
| <i>Sum inntektsført</i> | | | | | 0 | 959 892 | |
| Netto rapportert til bevilgningsregnskapet | | | | | | 13 124 277 | |
| Kapitalkontoer | | | | | | | |
| 60089801 | Norges Bank KK /innbetalinger | | | | | 36 530 | |
| 60089802 | Norges Bank KK/utbetalinger | | | | | -13 178 418 | |
| 702960 | Endring i mellomværende med statskassen | | | | | 17 611 | |
| <i>Sum rapportert</i> | | | | | | 0 | |
| Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12) | | | | | | | |
| Konto | Tekst | 2015 | 2014 | Endring | | | |
| 6260 | Aksjer | 0 | 0 | 0 | | | |
| 702960 | Mellomværende med statskassen | -365 658 | -383 269 | 17 611 | | | |

* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Virksomhet: Foreldreutvalgene for grunnsopplæringen og barnehager

| Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter | | | |
|---|----------------------------|--------------------------|-------------------------|
| Kapittel og post | Overført fra i fjor | Årets tildelinger | Samlet tildeling |
| 22 101 | 737 000 | 13 885 000 | 14 622 000 |

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år (Sjå tabellen på neste side.)

Virksomhet: Foreldreutvalgene for grunnskolelæreren og barnehager

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig

| Kapittel og post | Stikkord | Merutgift(-) mindre utgift | Utgiftsfort av andre i likhet avgitte belastningsfullmakter (-) | Merutgift(-) mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter | Menntekter / mindre menntekter(-) iht menntektsfullmakt (justert for eventuell mva.) | Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01.21 fra neste års bevilgning | Innsparinger(-) | Sum grunnlag for overføring | Maks. overførbart beløp* | Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten |
|------------------|----------|----------------------------|---|--|--|--|-----------------|-----------------------------|--------------------------|--|
| 221 01 | | 1 191 926 | | 1 191 926 | | | | 1 191 926 | 694 250 | 694 250 |

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Oppstilling av artskontorrapporteringa

Virksomhet: Foreldreutvalgene for grunnopplæringen og barnehager

Rapport kjørt: 25.01.2016 12:31

Oppstilling av artskontorrapporteringen, 31.12.2015

| | Note | 2015 | 2014 |
|--|------|-------------------|-------------------|
| Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet | | 0 | 0 |
| Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet | | | |
| Utbetalinger til lønn | 2 | 7 656 539 | 7 407 742 |
| Andre utbetalinger til drift | 3 | 5 773 535 | 7 079 271 |
| <i>Sum utbetalinger til drift</i> | | 13 430 074 | 14 487 013 |
| Netto rapporterte driftsutgifter | | 13 430 074 | 14 487 013 |
| Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet | | 0 | 0 |
| Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet | | 0 | 0 |
| Netto rapporterte investerings- og finansutgifter | | 0 | 0 |
| Innkravingsvirksomhet og andre overføringer til staten | | 0 | 0 |
| Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten | | 0 | 0 |
| Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler * | | | |
| Grupplivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt) | | 12 756 | 12 200 |
| Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt) | | 947 137 | 920 111 |
| Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift) | | -654 095 | 0 |
| <i>Sum rapporterte utgifter på felleskapitler</i> | | 305 797 | 932 311 |
| Netto rapportert til bevilgningsregnskapet | | 13 124 277 | 13 554 702 |
| Oversikt over mellomværende med statskassen ** | | | |
| Eiendeler og gjeld | | 2015 | 2014 |
| Fordringer | | 29 085 | 35 085 |
| Skyldig skattetrekk | | -396 313 | -417 928 |
| Annen gjeld | | 1 570 | -426 |
| Sum mellomværende med statskassen | 8 | -365 658 | -383 269 |

* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

Notar 1-8 (Sjå tabellane på dei neste sidene.)

Note 1 Innbetalinger fra drift

| | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|------------|------------|
| <i>Innbetalinger fra gebyrer</i> | | |
| Byggesaksgebyr | 0 | 0 |
| Tilsynsavgift elsikkerhet | 0 | 0 |
| Gebyrer / avgift omsetning produksjon sprengstoff første omsetningsledd | 0 | 0 |
| Sum innbetalinger fra gebyrer | 0 | 0 |
| <i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i> | | |
| Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer | 0 | 0 |
| <i>Salgs- og leieinnbetalinger</i> | | |
| Sum salgs- og leieinnbetalinger | 0 | 0 |
| <i>Andre innbetalinger</i> | | |
| Sum andre innbetalinger | 0 | 0 |
| Sum innbetalinger fra drift | 0 | 0 |

Note 2 Utbetalinger til lønn

| | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|------------------|------------------|
| Lønn | 5 630 611 | 5 268 814 |
| Arbeidsgiveravgift | 947 261 | 920 111 |
| Pensjonsutgifter* | 0 | 0 |
| Sykepenger og andre refusjoner(-) | -22 142 | -23 721 |
| Andre ytelser | 1 100 809 | 1 242 538 |
| Sum utbetalinger til lønn | 7 656 539 | 7 407 742 |
| <i>* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.</i> | | |
| Antall årsverk:10 | 10 | 10 |

Note 3 Andre utbetalinger til drift

| | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|------------------|------------------|
| Husleie | 780 000 | 760 300 |
| Vedlikehold egne bygg og anlegg | 0 | 0 |
| Vedlikehold og ombygging av leide lokaler | 6 000 | 0 |
| Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler | 0 | 0 |
| Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv. | 3 338 | 3 060 |
| Mindre utstyrsanskaffelser | 1 120 | 99 270 |
| Leie av maskiner, inventar og lignende | 196 095 | 236 974 |
| Kjøp av fremmede tjenester | 897 852 | 1 558 579 |
| Reiser og diett | 984 330 | 1 839 157 |
| Øvrige driftsutgifter | 2 904 800 | 2 581 931 |
| Sum andre utbetalinger til drift | 5 773 535 | 7 079 271 |

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

| | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|------------|------------|
| <i>Innbetaling av finansinntekter</i> | | |
| Renteinntekter | 0 | 0 |
| Valutagevinst | 0 | 0 |
| Annen finansinntekt | 0 | 0 |
| Sum innbetaling av finansinntekter | 0 | 0 |

| | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|------------|------------|
| <i>Utbetaling av finansutgifter</i> | | |
| Renteutgifter | 0 | 0 |
| Valutatap | 0 | 0 |
| Annen finansutgift | 0 | 0 |
| Sum utbetaling av finansutgifter | 0 | 0 |

Virksomhet: Foreldreutvalgene for grunnsop| Rapport kjørt: 25.01.2016 12:31

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

| | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|------------|------------|
| <i>Utbetaling til investeringer</i> | | |
| Immaterielle eiendeler og lignende | 0 | 0 |
| Tomter, bygninger og annen fast eiendom | 0 | 0 |
| Beredskapsanskaffelser | 0 | 0 |
| Infrastruktureiendeler | 0 | 0 |
| Maskiner og transportmidler | 0 | 0 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende | 0 | 0 |
| Sum utbetalt til investeringer | 0 | 0 |

Virksomhet: Foreldreutvalgene for grunnsopla Rapport kjørt: 25.01.2016 12:31

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

| | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|---|------------|------------|
| Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten | 0 | 0 |

Virksomhet: Foreldreutvalgene for grunnsop Rapport kjørt: 25.01.2016 12:31

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

| | 31.12.2015 | 31.12.2014 |
|--|------------|------------|
| Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten | 0 | 0 |

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

| | 31.12.2015 | 31.12.2015 | Forskjell |
|-------------------------------------|--|---|----------------|
| | Spesifisering av bokført avregning med statskassen | Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen | |
| Finansielle anleggsmidler | | | |
| Investeringer i aksjer og andeler* | 0 | 0 | 0 |
| Obligasjoner | 0 | | |
| Sum | 0 | 0 | 0 |
| Omløpsmidler | | | |
| Kundefordringer | 0 | 0 | 0 |
| Andre fordringer | 29 085 | 29 085 | 0 |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 29 085 | 29 085 | 0 |
| Langsiktig gjeld | | | |
| Annen langsiktig gjeld | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 0 | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | -37 416 | 0 | -37 416 |
| Skyldig skattetrekk | -396 313 | -396 313 | 0 |
| Skyldige offentlige avgifter | 0 | 0 | 0 |
| Annen kortsiktig gjeld | 1 570 | 1 570 | 0 |
| Sum | -432 159 | -394 743 | -37 416 |
| Sum | -403 074 | -365 658 | -37 416 |

* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

| | Erfveresdato | Antall aksjer | Eierandel | Stemmeandel | Årets resultat i selskapet | Balansført egenkapital i selskapet | Balansført verdi i regnskap* |
|------------------------------------|--------------|---------------|-----------|-------------|----------------------------|------------------------------------|------------------------------|
| <i>Aksjer</i> | | | | | | | |
| Selskap 1 | | | | | | | |
| Selskap 2 | | | | | | | |
| Balansført verdi 31.12.2015 | | | | | | | 0 |

* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balansført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.